



# TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

UGGDAL, 22.03.2016

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/206-2	2104/16	001	TK//STDAL	

## ÅRSMELDING 2015

### Innhald

<a href="#">0. RÅDMANNEN SI INNLEIING</a> .....	5
<a href="#">1. ØKONOMI</a> .....	8
<a href="#">1.1 Hovudtal for drifta 2015</a> .....	8
<a href="#">1.3 Drift per eining</a> .....	17
<a href="#">PERSONAL OG ORGANISASJON</a> .....	19
<a href="#">2.1 Styringsstruktur</a> .....	19
<a href="#">2.2 Organisasjonsdemografi</a> .....	20
<a href="#">2.3 Likestilling</a> .....	20
<a href="#">2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær</a> .....	21

<a href="#">2.5 Kompetanse</a>	22
<a href="#">2.6 Rekruttering</a>	25
<a href="#">2.7 Etikk</a>	26
<a href="#">POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN</a>	28
<a href="#">3.1. Politikk og samfunnsutvikling</a>	28
<a href="#">3.2 Prosjekt</a>	35
<a href="#">3.3 Planarbeid</a>	38
<a href="#">4. TENESTEOMRÅDA</a>	39
<a href="#"><b>4.1 Sentraladministrasjonen</b></a>	39
<a href="#">4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta</a>	39
<a href="#">4.1.2 IT</a>	40
<a href="#">4.1.3 Innkjøp</a>	41
<a href="#">4.1.4 Eigedomsskatt</a>	42
<a href="#">4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap</a>	42
<a href="#">4.1.6 Klima og energi</a>	43
<a href="#">4.1.7 Økonomi og løn</a>	43
<a href="#">4.1.8 Næring og reiseliv</a>	44
<a href="#">4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv</a>	44
<a href="#">4.1.10 Folkehelse</a>	46
<a href="#">4.1.11 Bibliotek</a>	46
<a href="#">4.1.12 Tysneshallen</a>	48
<a href="#"><b>4.2 Oppvekst</b></a>	49
<a href="#">4.2.1 Grunnskule</a>	49

<a href="#">4.2.2 Spesialundervisning</a>	51
<a href="#">4.2.3 Blå skule</a>	52
<a href="#">4.2.4 PPT</a>	52
<a href="#">4.2.5 Skulefritidsordning - SFO</a>	53
<a href="#">4.2.6 Kulturskolen</a>	54
<a href="#">4.2.7 Barnehagar</a>	55
<a href="#">4.2.8 Tenester for barn og familie</a>	59
<a href="#">4.2.8.1 Helsestasjon</a>	59
<a href="#">4.2.8.2 Psykisk helse for barn og unge</a>	60
<a href="#">4.2.8.3 Barnevern</a>	60
<b><a href="#">4.3 Helse og sosial</a></b>	64
<a href="#">4.3.1 Utviklingstrekk i etaten</a>	64
<a href="#">4.3.2 Helseavdelinga</a>	64
<a href="#">4.3.2.1 Psykiatri</a>	64
<a href="#">4.3.2.2 Legekontor</a>	65
<a href="#">4.3.2.3 Legevakt</a>	66
<a href="#">4.3.2.4 Fysioterapi</a>	67
<a href="#">4.3.2.5 Ergoterapi</a>	68
<a href="#">4.3.3 Pleie- og omsorg</a>	69
<a href="#">4.3.3.1 Tysnes sjukeheim</a>	70
<a href="#">4.3.3.2 Open omsorg</a>	71
<a href="#">4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma</a>	72
<a href="#">4.3.4 Sosialavdeling og flyktingtenesta</a>	74

<b><u>4.4 Landbruk og teknisk</u></b> .....	77
<u>4.4.1 EINING FORVALTNING</u> .....	77
<u>4.4.1.1 Plan og byggjesak</u> .....	77
<u>4.4.1.2 KART OG OPPMÅLING</u> .....	79
<u>4.4.1.3 Landbruk</u> .....	81
<u>4.4.2 Eining for brann og teknisk drift</u> .....	83
<u>4.4.2.1 Brann og redningstenesta</u> .....	83
<u>4.4.2.2 Teknisk drift</u> .....	84

## 0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

2015 fekk ei stormfull innleiing då stormen Nina slo inn over oss tidleg i januar, uveret førte til både materielle øydeleggingar og mykje øydelegging av skogområder, men førte heldigvis ikkje til skadar på liv og helse. Me lærte mykje av hendinga og ser at samfunnstryggleik og beredskap er ei oppgåve som må ha stort fokus også i tida frametter. Stormen Nina førte også til store uttak av tømmer og har gjeve god nytte av den kommunale tømmer- og næringskaiaen

2015 var valår og eit kommuneval skaper sjølvstøtt endringar og gjev både nye moglegheiter og utfordringar. Tysnes kommune fekk landets yngste ordførar og slo Austevoll som hadde den tidlegare rekorden med nokre månader. I politikk så har ikkje alder noko avgjerande rolle og den nye ordføraren finn sin veg med utgangspunkt i sine eigenskaper og evner akkurat som alle ordførarar før han.

Kommunereforma var eit område det vart arbeidd med også i 2015, me takka for oss i Sunnhordland ved slutten av året og har valt å også sjå litt på område kring Bjørnefjorden, kva som kjem ut av dette arbeidet til slutt er vanskeleg å sei. Ein slik prosess der det vert sett søkjelys på kvifor me er ein eigen kommune og kva føresetnader som skal til for at me også skal vera det i framtida kan vera nyttig, men det kan også stillast spørsmål ved om ein slik refleksjon rettferdiggjjer ressursinnsatsen. Det er gått mange timar med politisk og administrativt arbeid til dette og det har også teke fokus vekk frå andre ting som kanskje kunne vore vel så nyttig å nytta ressursar på. Til slutt skal det likevel gjerast val og om me no vel å gå saman med ein eller fleire andre kommunar inn i framtida vil det vera eit val som ikkje kan gjerast om seinare, såleis vil det styra den vidare utviklinga på Tysnes i generasjonar som ligg føre oss. I eit slikt perspektiv er det ikkje vanskeleg å sei at me bør nytta både menneskelege og økonomiske ressursar for å ha best mogleg føresetnader for å gjera val. Dersom me vel å stå åleine vil det også få konsekvensar, ikkje minst om mange andre kommunar vel å slå seg saman. Eit val om åleine-gang kan få vel så store konsekvensar som å velja å gå saman med andre, men er neppe irreversibelt.

Når me peiker på kommunereform er det ein heilt naturleg inngang til bruar og vegar. Etter at det vart gjort eit overordna trasèval ved inngangen til 2016 har ny E39 over Tysnes fått mykje merksemd. Ulike politikarar, konsulentar og fagfolk på statleg, regionalt og kommunalt nivå har sett i gang prosessar og meint mykje om rett og galt i høve til denne vegen. Me veit no at prosjektet er teke inn i etaten sitt framlegg til NTP, om enn ikkje så tidleg som me kunne ønskja. Me opplever også i desse dagar at det er svært mykje fokus på alt som er «galt» med E39; prosjektet er for dyrt, bruene er for vanskelege å byggja, samfunnsnytta er for lita og utsleppa av klimagassar er for store. Det er knapt nokre andre prosjekt i NTP som har fått så mykje negativ omtale som E39 mellom Stord og Os i riksdekkande media. Dette betyr at slaget på langt nær er vunne og at det no må tas samling i regionen for å kjempa prosjektet gjennom!

E39 er ein nøkkel om me skal kunna sei noko om Tysnes kommune si utvikling frametter. Ei framføring av E39 etter planen vil gje Tysnes ein unik plass som ein bindeledd mellom Bergen i nord og Haugesund i sør. Me som ønskjer å bu på Tysnes vil få eit svært utvida service og arbeidsmarknad. Vegen til Os i nord, Stord i sør og Austevoll i Vest vil verta veldig kort og det vil i ein slik samanheng vera heilt naturleg å tenkja oss både kommunesamanslåingar og felles grep kring framtidsutviklinga. Reksteren vil gå frå å vera ein periferi i Tysnes til å verta bindeledd mellom Midt- og Sunnhordland. Prosjektet vil i anleggsfasen gje tiltrengte arbeidsplassar og vil kunna verta eit effektivt mottiltak mot nedgangen i olje- og gass relatert verksemd og industri. Heilt sidan det overordna trasévalet vart gjort har prosjektet gjeve grunnlag for optimisme og framtidstru i Tysnes samfunnet. Me har kunna snakka SSB sine folketalsprognosar midt i mot og sagt at dei ikkje har noko relevans, når vegen kjem vil me kunna ta både to og tre gangen på folketalet vårt! Det einaste som må sikrast er at vegen faktisk kjem... Eit alternativ der vegen igjen berre vert liggjande å bandleggja areal i planar utan noko moglegheit til realisering har me allereie kunnskap om, då det vart slik det gjekk ved førre krossveg, dette er ikkje eit scenario prega av optimisme og tru på framtida. Dersom me set det i kombinasjon med ein vidare nedgang i olje og gass, og det faktum at Tysnes er ein av dei kommunane med høgast del sysselsette på sokkelen ser det unekteleg ut som mørke skyer i horisonten. Rådmannen har lita tru på at pessimisme er viktig for å realisera våre draumar og visjonar for framtida, men me lærte av stormen Nina at det alltid kan vera lurt å tenkja gjennom eit Worst-case scenario for å ha moglegheit til å gjera turvande tiltak for å styra utanom akkurat det. Me skal ha det i mente, men me skal ikkje dyrka det. Me skal ha framtidstru med ikkje naivisme!

Folketalsutviklinga har i dei seinare år vore god på Tysnes og heilt fram til siste kvartal i år hadde rådmannen ein draum om at me endeleg skulle få vekstkommunetillegg ut frå den sterke folkeveksten dei seinare år. No sette siste kvartal oss litt tilbake, men me har likevel ein vekst på 0,5 %. Innbyggjartalet vårt ved slutten av 2015 var 2797 mot 2782 ved inngangen til året. Den nasjonale veksten var 0,9 %, om siste kvartal ikkje hadde vist reduksjon så ville me enda på ein vekst på 1,1 %. Me har uansett gjort SSB si folketalsprognose for 2015 til skamme, etter denne skulle det berre vore 2733 tysnesingar i 2015. Me har god von om at veksten vil halda fram vidare og at Tysnes samfunnet er både spanande og livskraftig! Me har mykje å vera stolte over; Tysnes samfunnet kan skryta over ein av dei største og flottaste festivalane i landet gjennom Tysnesfest, Haaheim Gaard har vorte eit kjent landemerke, me har fått ein vestlandsmeister i skiskyting, skulekorps og musikklag har vunne sin NM klassar og etter at ho vann senior NM er det er inga tvil om at den sterkaste jenta i landet bur på Tysnes og heiter Anna Dorthea Espevik!

Det er mange tilhøve som godt kunne vore nemnt i innleiinga til årsmeldinga – me kunne teke opp litt om lokal næringsutvikling, plan, nytt omsorgssenter og anna – i denne omgangen vil rådmannen prøva å fatta seg kort og helle ønskja god lesing!

Til sist vil rådmannen takka for innsatsen til leiarar og tilsette på alle nivå i kommune, det er atter eingong gjort ein god jobb på svært mange ulike område! Rådmannen vil også takka både tidlegare kommunestyre og noverande kommunestyre for eit godt samarbeid i meldingsåret, gjensidig tillit og respekt er ein føresetnad for at me saman skal kunna medverka til ei positiv utvikling av kommuneorganisasjonen og Tysnes samfunnet!

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

# 1. ØKONOMI

## 1.1 Hovudtal for drifta 2015

### Inntekter

Tal i 1000 kroner	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>
	<i>Rekneskap</i> <i>2015</i>	<i>budsjett</i> <i>2015</i>	<i>budsjett</i> <i>2015</i>	<i>Rekneskap</i> <i>2014</i>
<b>DRIFTSINNEKTER</b>				
Brukarbetaling	-10 485	-10 193	-10 460	-10 924
Andre sals- og leigeinntekter	-18 632	-19 646	-19 606	-17 912
Overføringar med krav til motytelsar	-30 513	-19 968	-16 590	-31 058
Rammetilskot frå staten	-93 055	-97 300	-97 300	-99 131
Andre statlege overf.	-2 230	-1 592	-1 592	-2 010
Andre overføringar	-245	0	0	-110
Skatt på inntekt og formue	-71 019	-66 000	-66 000	-65 397
Eigedomsskatt	-9 975	-9 900	-9 900	-9 927
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-236 155</b>	<b>-224 600</b>	<b>-221 448</b>	<b>-236 467</b>

Dei totale inntektene var i 2015 om lag på nivå med året før. Dei to største inntektspostane (rammeoverføring og skatt) synte ein reduksjon på 0,5 mill. Dette kan i hovudsak forklarast ut i frå to tilhøve :

- I 2011 fekk Tysnes og Fitjar 1 million kroner frå Fylkesmannen til bruk mot ulovlege bygg i strandsona. Beløpet vart av praktiske årsaker betalt ut til Tysnes, og ført i rekneskapen som rammetilskot. Fitjar sin halvdel er no betalt vidare til dei, og bokført som ein reduksjon av rammetilskotet i 2015.



- Kommunen har vidare gjennom 2015 hatt redusert arbeidsgjevaravgift (10,6 %), men ettersom dette skal vere ei nøytral ordning er rammeoverføringa redusert med det same beløpet som me sparar på lønssida. Såleis er ikkje tala mellom 2014 og 2015 direkte samanliknbare. Men dersom me ikkje hadde fått ei endring på denne avgifta ville inntektene i 2015 vore om lag 4,5 mill. kr. høgare.

Dersom ein korrigerer for desse to tilhøva ville inntektsauken vore på 2,2 % i 2015.

Skatteinngangen gjennom året har vore god, med ein auke på 5,6 mill. kr. Men ein god skatteinngang gjev i neste ledd ei reduksjon i rammeoverføringa, slik at denne syner ein nedgang.

Folketalet auka med 1,35 % i 2014, slik at me førre år hadde ein auke som var større enn landsgjennomsnittet.

Året 2015 avslutta med eit svakt 4. kvartal, slik at den totale folketalsauken siste år vart redusert til 0,54 %. På landsbasis auka folketalet med 0,93 %. Det er positivt at me også i 2015 hadde ein folketalsauke, men me bør ha som ambisjon at auken er minst like stor som landsgjennomsnittet! Ein folkeauke tilsvarende eller større enn landsgjennomsnittet er ein føresetnad for å oppretthalda vår relative del av inntektene.


I slutten av desember 2015 vart det nye inntektssystemet for kommunane sendt til høyring. I dette systemet vert det gjort ein del endringar både i dei generelle overføringane og i dei inntektspostane som er knytt opp mot spesielle befolkningsgrupper. For Tysnes sin del er det berekna eit potensielt tap i størrelsen 0,9 – 1,4 millionar kroner pr. år. Endeleg vedtak rundt nytt inntektssystem vil kome rundt juni 2016.

Utgifter

Tal i 1000 kroner	<i>Regulert</i>		<i>Opprinneleg</i>	<i>Rekneskap</i> <b>2014</b>
	<i>Rekneskap</i> <b>2015</b>	<i>budsjett</i> <b>2015</b>	<i>budsjett</i> <b>2015</b>	
Lønsutgifter	128 463	124 251	121 263	121 871
Sosiale kostnader	29 655	31 080	34 719	31 516
Kjøp som inngår i kommunal prod.	42 567	37 383	34 405	39 737
Kjøp som erstattar eigen prod.	13 012	12 518	12 697	13 595
Overføringar	12 891	10 404	9 389	15 067
Avskrivningar	7 185	7 034	4 949	6 780
Fordelte utgifter	-4 761	-4 353	-4 050	-3 841
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>229 012</b>	<b>218 316</b>	<b>213 372</b>	<b>224 726</b>

Dei totale driftsutgiftene auka med 1,91 % i høve til 2014. Sosiale kostnader er redusert som følge av lågare arbeidsgjevaravgift gjennom 2015.

Fig. 1: Samansetjing av driftsutgifter:



Lønsutgifter inkl. sosiale kostnader utgjør 68 % av driftsutgiftene.

I tillegg til egne lønsutgifter er det leigd inn personell til tenesteyting, der sjukeheimen (3,7 mill.kr.), heimesjukepleien (1,5 mill.kr.) samt legekantoret (1,2 mill.kr.) utgjør dei største postane.

## Driftsresultat

<b>Tal i 1000 kroner</b>	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>Regulert budsjett 2015</b>	<b>Opprinneleg budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2014</b>
Sum driftsinntekter	-236 155	-224 600	-221 448	-236 467
Sum driftsutgifter	229 012	218 316	213 372	224 726
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-7 143</b>	<b>-6 284</b>	<b>-8 076</b>	<b>-11 741</b>

Årsrekneskapet viser eit brutto driftsresultat på 3,0 % mot 5,0 % i 2014. Rekneskapet for 2014 hadde ein positiv eingongseffekt gjennom omlegging til redusert arbeidsgjevaravgift på ca. 2,5 millionar kroner. I 2013 var brutto driftsresultat på 1,0 %.

Tek ein med finanspostar og motpost til avskrivningar kjem ein til netto driftsresultat:

Tal i 1000 kroner	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>
	<i>Rekneskap</i> <i>budsjett</i>	<i>budsjett</i> <i>budsjett</i>	<i>budsjett</i> <i>budsjett</i>	<i>Rekneskap</i> <i>2014</i>
	<i>2015</i>	<i>2015</i>	<i>2015</i>	<i>2014</i>
<b>EKSTERNE FINANSINTEKTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-1 890	-2 130	-2 130	-2 331
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	-9
Motteke avdrag på lån	-5	-60	-60	-56
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-1 895</b>	<b>-2 190</b>	<b>-2 190</b>	<b>-2 397</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 624	5 140	5 140	4 805
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	8 937	8 890	8 890	6 052
Utlån	19	60	60	13
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>13 581</b>	<b>14 090</b>	<b>14 090</b>	<b>10 871</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>				
	<b>11 686</b>	<b>11 901</b>	<b>11 901</b>	<b>8 473</b>
Motpost avskrivningar	-7 185	-7 034	-4 949	-6 780
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-2 641</b>	<b>-1 417</b>	<b>-1 124</b>	<b>-10 048</b>
	1,1 %	0,6 %	0,5 %	4,2 %

Netto driftsresultat er på 2,6 millionar kroner, svarande til 1,1 %. Dette er ein nokså stor nedgang frå 2015. Dette skuldast som allereie nemnd dels ein positiv eingongseffekt i 2014 knytt til arbeidsgjevaravgift. I tillegg har me i 2015 auka avdrag på lån 2,9 millionar kroner i høve til 2014.

Det er verdt å merka seg at me gjennom året har betalt ca. 4 millionar kroner meir i avdrag på lån enn det som er berekna som minimum for lånegjelda vår. Motivasjonen for å betale såpass ned på lånegjelda i dag er å skape eit framtidig handlingsrom når me i åra framover må ta opp nye store lån (nytt omsorgssenter samt vedteken opprusting av Tysnes skule).

Dersom me i 2015 hadde nytta oss av minimumsavdrag på gjeld ville netto driftsresultat auka til 2,8%.

### Resultat og disponering

Tal i 1000 kroner	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>	<i>Regulert</i> <i>Opprinneleg</i>
	<i>Rekneskap</i> <i>2015</i>	<i>budsjett</i> <i>2015</i>	<i>budsjett</i> <i>2015</i>	<i>Rekneskap</i> <i>2014</i>
<b>BRUK AV AVSETNINGAR</b>				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-359	-1 310	-1 310	0
Bruk av bundne fond	-828	-329	-226	-882
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>-1 187</b>	<b>-1 639</b>	<b>-1 537</b>	<b>-882</b>
<b>AVSETNINGAR</b>				
Overføring til investeringsrekneskap	580	580	580	550
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Avsetting disposisjonsfond	1 319	1 638	1 242	4 963
Avsetting til bundne driftsfond	1 929	838	838	1 102
<b>Sum avsetningar</b>	<b>3 828</b>	<b>3 056</b>	<b>2 660</b>	<b>6 615</b>
<b>Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 316</b>

Av netto driftsresultat på 2,6 millionar kroner vert 1,2 millionar kroner overført til eigedomsskattefondet slik som budsjettert. Dette fondet skal nyttast til renter og avdrag på investeringar. Samla er eigedomsskattefondet på 5,2 millionar kroner.

Bruk- og avsetjingar til bundne driftsfond gjeld årets avrekning innanfor sjølvkostområda.

Me byggjer også i år opp dei frie driftsfonda. Samla utgjer desse 26,5 millionar kroner. I tillegg betalar me ned gjeld vesentleg utover det som er minimumskravet (ca. 4 millionar kroner ut over minimum i 2015). Desse to elementa gjev oss handlingsrom i åra som kjem.

Likevel – det er som alltid svært viktig å ha fokus på ei balansert drift i åra framover. Gjennom store investeringar i nytt omsorgssenter og i vedteke oppgradering av Tysnes skule vil avdrag på lån auke, og slik sett vil også dei faste utgiftene auka. Det er difor avgjerande at me i «gode tider» klarer å byggje opp reserver for å kunne handtere «trange tider» utan då å måtte gjere vesentlege kutt i tenestnivået til innbyggjarane våre.

### Frie fond

Frie fond ved utløpet av året er som fylgjande per 1.1.2015 (tal i mill. nok):

Tab. 1.6 Utvikling av frie fond	2015	2014
Disposisjonsfond 01.01.	16,1	16,2
Avsatt til flyktingefond	0,8	1,0
Udisponert 2014	4,3	4,3
Eigedomsskattefond	5,2	4,0
<b>SUM DISPOSISJONSFOND</b>	<b>26,5</b>	<b>25,5</b>

Det er i tillegg ca. 2 mill.kr. i bundne driftsfond som i løpet av rekneskapsåret 2016 vil bli omklassifisert til ubundne fond. Desse vil kome i tillegg til tala i tabellen ovanfor.

## Nøkkeltal for drifta

Tab. 1.7 Nøkkeltal	2015	2014
Resultatgrad ( <i>netto driftsresultat/sum driftsinntekter</i> )	1,1 %	4,25 %
Disposisjonsfond inkl. eidegdomsskattefond ( <i>ord.disp.fond/sum driftsinntekter</i> )	11,2 %	10,8 %
Gjeldsgrad ( <i>lånegjeld ex. startlån/sum driftsinntekter</i> )	59 %	54 %



## 1.2 Investeringar

Tal i 1000 kroner	Regulert Opprinneleg	Regulert Opprinneleg	Regulert Opprinneleg	Regulert Opprinneleg
<b>UTGIFTER</b>	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>budsjett 2015</b>	<b>budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2014</b>
Lønsutgifter	754	1 053	1 053	893
Sosiale utgifter	157	257	257	214
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	17	0	0	7
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	19 217	21 900	64 540	21 615
Overføringer	5 701	3 975	13 553	1 969
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>25 846</b>	<b>27 185</b>	<b>79 403</b>	<b>24 700</b>

Investeringane vart også i 2015 mindre enn opphavleg budsjettet. Dette skuldast forskyving i tid for bygging av nytt omsorgssenter. Men ved inngangen til 2016 er arbeidet godt i gong, og bygget skal etter planen stå klart hausten 2017.

## 1.3 Drift per eining

	Rekneskap	Opphavleg budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Sentraladm/stab/støtte	22 031	20 797	21 634	20 572	20 991
Oppvekst	63 533	59 012	63 251	60 420	61 169
Helse- og sosial	69 045	63 133	68 530	68 399	63 371
Landbruk/teknisk	14 662	14 165	14 339	14 767	13 993
<b>Sum einingar</b>	<b>169 272</b>	<b>157 107</b>	<b>167 754</b>	<b>164 157</b>	<b>159 525</b>

Einingane syner eit samla meirforbruk i høve til revidert budsjett på 1,5 millionar kroner, me skal i denne samanheng ha med oss at det ikkje er gjeve kompensasjon for lønsauker i 2015. Årsaken til at det ikkje er gjeve det må sjåast i samanheng med dei relativt store styrkingane som vart gjort innan mellom anna barnevern og NAV sosial. Med denne føresetnaden vil rådmannen understreka at trass i at me har eit visst meirforbruk så hjar budsjett disiplinen ved dei einskilte avdelingane vore rimeleg god.

Sentraladm/stab/støtte viser eit meirforbruk mot revidert budsjett på 400.000 kr. Som fylgje av kommuneval og byte av ordførar var det gjennom deler av siste kvartal utlønna dobbel ordførarløn. Området fellesfunksjonar har hatt eit meirforbruk på 260.000 kr. I all hovudsak skuldast dette kostnader knytt til omlegging av IT-system.

Oppvekst viser eit meirforbruk på 282.000 kr. Barnevernenester har vore svært ressurskrevjande i 2015, og hadde eit meirforbruk på 325.000 kr. sjølv etter å ha blitt styrka med 2,45 millionar kroner gjennom revidert budsjett.

Helse og sosial viser eit meirforbruk på 516.000 kr. Legekontoret utgjer 366.000 kr av avviket. Gjennom 2015 har legekontoret hatt ei krevjande år, mellom anna som fylgje av at det har vore behov for å henta inn vikarlegar i påvente av tilsetjing til stillinga som kommunelege. Det er også grunn til å merkja seg at det vart behov for å gjera ei vesentleg styrking av sosialbudsjettet gjennom året ut frå større utbetalingar til sosialhjelp enn venta.

Landbruk og teknisk viser eit meirforbruk på 323.000 kr. Kart og oppmåling har hatt eit år med mindre inntektsbringande arbeid, der netto avvik utgjer 227.000 kr. Feiing viser eit underskot på kr. 159.000 kr.

For nærare detaljar knytt til dei einskilte ansvarsområda viser me til rekneskapen.

# PERSONAL OG ORGANISASJON

## 2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2015

Den største endringa som vart gjort i høve overordna styringsstruktur i 2015 var at det vart oppretta ei felles post og arkivteneste, dei einskilde etatane har såleis ikkje lengre egne sekretariat og etatstrukturen er såleis prinsippielt avløyst. Dette inneber at me er klare til å iverksetja ein full overgang til ny styringsstruktur som vert implementert i 2016.

Det vart oppretta ei ny eining for barn og familie der me har samlokalisert psykisk helsearbeid for barn- og unge, barnevern og helsestasjon. Det vart vidare gjort ei endring ved at teknisk drift og brann vart samla i ei eining under ein leiar.

Einingar lagt under oppvekst rapporterer til oppvekstsjef, einingar under landbruk/teknisk rapporterer til rådmann og einingar under helse- og sosial rapporterer til helse og sosialsjef.

## 2.2 Organisasjonsdemografi

77 av dei tilsette er 60 år og eldre, noko som betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera mange nye medarbeidarar.

Tysnes kommune har over tid peika på eit behov for å få ned gjennomsnittsalderen i verksemda. Det er i grunnen ikkje alder som er problemet, men heller tilgong til ny arbeidskraft innan ulike områder. Me ser mellom anna med ein viss uro på at det vert utdanna for lite helsefagpersonell, me ser nok også at høgare utdanna personell generelt vil kunna gje oss utfordringar knytt til rekruttering i ulike faggrupper.

Kloke val og moglegheiten til å ha litt is i magen kan føra til at ei naudsynt fornying går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevarpolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar så er det eit rett punkt.

Arbeidsgjevar arbeider saman med organisasjonane for å få på plass ein heilskapleg personalpolitisk plan bygd på livsfaseperspektivet.

## 2.3 Likestilling

I Tysnes kommune er omlag 84 % av dei tilsette kvinner, målt i talet på årsverk er 81 % av årsverka utført av kvinner. Gjennomsnitteleg stillingsstorleik for kvinner er framleis monaleg lågare enn gjennomsnitteleg stillingsstorleik for menn. Kvinner i verksemda har ein

gjennomsnittleg stillingsstorleik på 71 %, medan tilsvarende tal for menn er 78 %. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst. Me veit også at menn er overrepresentert mellom ufaglærte medan menn er overrepresentert i gruppa for høgskuleutdanna. Siste året har gjennomsnittleg stillingsstorleik auka til 72 %, kvinner sin stillingsstorleik er i snitt gått opp medan stillingsstorleik for menn er gått litt ned.

På fleire fagområde ser me at dei tradisjonelle mønstra vert brotne, me har dei siste åra rekruttert fleire kvinner til tradisjonelle mannsfag innan teknisk forvaltning. Tilsvarende har me fått noko fleire menn i omsorgsyрка og også etter kvart i barnehagar og oppveksttenester.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2015. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som opplever uønska deltid. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

## 2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ei positiv utvikling frå 2014 til 2015, men det ligg framleis langt over vår målsetjing. Arbeidet med å redusera unødig fråvær har hatt stort fokus i 2014, og er mellom anna fylgt opp gjennom omfattande kursing for avdelingsleiarar, tillitsvalde og vernetenesta i samarbeid med NAV arbeidslivssenter.

Det har nok også verka positivt at me har fått på plass tilsetjing i rolla som personalrådgjevar, me ser at det vil vera behov for vidare fokus her og vil vurderer å styrkja funksjonen knytt til løn og personal om det opnar seg moglegheiter for det frametter.

I løpet av 2015 har me fått på plass ny rutine for oppfølging av sjukemeldte, me har også fått på plass ei ny rutine for konflikthandtering og arbeider saman med arbeidstakarorganisasjonane om ei retningsline for livsfasepolitikk. Me har von om dette også vil medverka til vidare reduksjon av sjukefråværet-

Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær

	2011	2012	2013	2014	2015
Samla fråvær	8,33 %	7,31 %	8,28 %	10,55 %	8,40 %

Tabell 2.2: Sjukefråvær delt per sektor og fråværstype 2015 -2013	2015	2014	2013	2015	2014	2013	2015	2014	2013
	Samla			Inntil 16 dagar			Over 16 dagar		
Sentraladministrasjonen	<b>2,0 %</b>	5,1 %	4,1 %	<b>0,4 %</b>	1,5 %	2,5 %	<b>1,6 %</b>	3,6 %	1,6 %
Oppvekst	<b>7,2 %</b>	8,3 %	6,3 %	<b>3,0 %</b>	2 %	1,5 %	<b>4,2 %</b>	6,3 %	4,8 %
Helse- og sosial	<b>11,1 %</b>	13,0 %	10,3 %	<b>2,5 %</b>	2,3 %	3 %	<b>8,6 %</b>	10,7 %	7,3 %
Landbruk og teknisk	<b>7,8 %</b>	12,9 %	10,6 %	<b>1,0 %</b>	3,1 %	2,1 %	<b>6,8 %</b>	9,7 %	8,5 %
Samla	<b>8,7 %</b>	10,6 %	8,28 %	<b>2,3 %</b>	2,2 %		<b>6,4 %</b>	8,3 %	

Sjukefråvær i 2015 viser nedgang innanform alle sektorområda, me er også svært glad for å notera oss at det meste av reduksjonen kjem innanfor langtidsfråvær.

Det har vore ein del utfordringar knytt til arbeidsmiljø ved ein skilde avdelingar; innan bufellesskapa har det vore store utfordringar med avvik og innan teknisk drift har det vore ein del samensatte problem. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøkingar og gjort ein del administrative grep innanfor område teknisk drift, tilsvarande er under arbeid på andre avdelingar. AMU og administrasjonsutvalet har vidare oppølgning av desse områda.

## 2.5 Kompetanse

I meldingsåret er det halde kurs for alle leiarar med personalansvar, tillitsvalde og vernombod. Kursa har hatt særskilt fokus på nærværarbeid og er sett saman av ni dag samlingar. Det er gode tilbakemeldingar på kursa, og det er vurdert som viktig å gjennomføra kurs på dette nivået på tvers av sektorområda. Kurssamlinga er sett saman i samarbeid med NAV arbeidslivssenter.

Innan pleie og omsorg er det to lærlingheimlar for helsefagarbeidar, forutan dette vert det også teke inn TAF lærlingar med lokal tilknytning innan helsearbeidarfaget.

*Tabell 2.3: Utval av kurs og vidareutdanning – helse og sosial*

Nivå	Kurs/vidareutdanning	Status	Avdeling	Deltakarar
Kurs	Pasienttryggleiksprogrammet «I trygge hender»	Gjennomført i 2015	Ploms	5
	Eldreomsorgens ABC, utviklingsprobram gjennom sjølvstudim og Fagseminar	Under gjennomføring	Ploms	14
	Kost og ernæring, e-læringskurs	Fullført 2015	Ploms	16
	E-læringskurs, oppfrisking, medikamenthandsaming		Ploms	22
	Fagsamling i hjerterehabilitering		Fysioterapi	1
	Skrøpelege eldre		Fysioterapi	1
	Barneortopedi/nervoorpedi		Fysioterapi	1
	Fordjupingskurs i fysioterapi for barn med funksjonsnedsettelse, 0-6 år		Fysioterapi	1
Fagutdanning	Teori Institusjonskokk ved senter for vaksenopplæring Årstad vgs		Ploms	1
Vidareutdanning Høgskule	Praksis løna gjennom prosjektmidlar for å nå fagbrev som helsefagarbeidar		Ploms	3
	Kreftsjukepleie og palliativ omsorg	Fullført 2015	Ploms	1
	Vidareutdanning i sårbehandling	Fullført 2015	Ploms	1
	Avansert gerontologi, 60 sp.	Starta i 2015	Ploms	1
	Helsefremjande og rehabiliterande arbeid med eldre 60 sp,	Starta i 2015	Ploms	1

Alle styrarar og rektorar har i 2015 vore med på ei leiarutviklingsprosjekt saman med Midthordland kompetanseregion, med temaet godt eigarskap, godt leiarskap, godt medarbeiderskap I samband med omorganisering av etatar/einingar tok me saman med KS dette prosjektet vidare til alle tilsette i barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge. Målet var å bli kjende med kvarande og dei ulike tenestene og sjå korleis vi saman kan verta ein heilskap som yter endå betre tenester til innbyggjarane våre. I løpet av denne prosessen har og Utval for Oppvekst & Omsorg/Tenesteutvalet vore med for å finna sin plass og sine oppgåver i den nye organisasjonen. Denne kompetansen vi har opparbeidd oss her, har kvar leiar vidareført i si eining.

Det er også gjennomført heildagskurs retta mot alle tilsette i skular, barnehagar, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge, temaet var *Tilpassa opplæring/spesialundervisning*. Vi samla oss og og reiste på eit kurs om Teieplikta på tvers av profesjonane i Aksdal i regi av Fylkesmennene. Barnehagane hadde også felleskurs i samarbeid med Midthordland kompetanseregion i november. Her var tema relasjonskompetanse og fleirkulturell barnehage.

I barneverntenesta held to av medarbeidarane på med vidareutdanning. Dei har og motteke midlar frå Fylkesmannen til eit «Tysneskurs», med tema som kan vera aktuelle for alle einingane våre. Helsestasjonen har hospitert på Bømlo, for å få større kompetanse innan svevnpromatikk.

Elles er alle einingane flinke til å nytta Fylkesmannen sine dagskurs innanfor aktuelle tema. Desse kursa er til vanleg både rimelege og gode

Tabell 2.4: Kurs og vidareutdanning - oppvekst

Utdanning	Fag	Status	Deltakar	Faggruppe
Master	Skuleleiing	Fullført 2015	1	Rektor
Kompetanse for kvalitet	Matematikk 1.-7. klasse	Under gj.føring	1	Lærar
Vidareutdanning	Rettleiing	Under gj.føring	3	Ped.leiarar
	Synspedagogikk	Under gj.føring	1	Styrrar
	Barnehagelærar	Fullført 2015	1	Ped.leiar
	Styrrarutdanning	Under gj.føring	1	Styrrar
	Barne og ungdomsarb	Under gj.føring	1	Assistent

I samband med fleire endringar i plan- og bygningslova og byggjesaksforskrifta gjeldande frå 1.juli 2015, har byggesaksavdeling delteke på fleire kurs/ konferansar, mellom anna: kurs/ dagskonferanse i regi av Fylkesmannen i Hordaland og Direktoratet for byggkvalitet og «Byggereglene er endret» i regi av Tekniske Foreningers Servicekontor AS.

Det er ønskeleg med noko vidare kursing innan fagområde forvaltning, slike kurs kan arrangerast på tvers av tenesteområda. Me har også fått tilbod om kurs innanfor informasjonstryggleik og godt språk gjennom LNK. Det kan ut frå dette arrangerast eit generelt sakshandsamarkurs i 2016.

Oversiktene over er ikkje uttømmende, men viser at det i stor mon vert tilrettlagd for vidareutdanning og kursing i verksemda.



## 2.6 Rekruttering

Totalt har det vore gjort 76 tilsetjingar i 2015, dette inkluderer både faste tilsetjingar og mellombelse tilsetjingar gjennom vikariat og anna.

Det er tilsett ny personalrådgjevar, ny kommunelege og ny arealplanleggjar i 2015. Me ser særskilt i dei to sistnemnde stillingane at det er vanskeleg å rekruttera denne spesialist kompetansen.

Me har tilsett alle faste lærar og barnehagelærar stillingane med rett kompetanse. Sjukefråvær og permisjonar gjer det framleis naudsynt med nokre tilsetjingar i desse vikariata utan rett kompetanse. Heile oppvekstetaten har eit stabilt personale, med lite «turn-over». På skulane har me hatt få nytilsette dei siste åra, barnetalet går ned og dermed må me og redusera på tal tilsette. Det ser og ut til at seniorane våre trivst med å vera yrkesaktive, dei jobbar forholdsvis lenge. Me ser imidlertid at mange av arbeidstakarane byrjar å bli godt vaksne, så det er viktig for at me er vaken for at det kjem eit generasjonsskifte. I barnehagane er det eit yngre personell. Her er utfordringa å skaffa nok pedagogar, dette gjeld ikkje minst for å erstatta personell med mellombels nedsett arbeidstid. Ei løysing her kan vera å gå med ein viss overdekning av pedagogar og redusera fagarbeidarar tilsvarande.

Det har vore ein krevjande personellsituasjon i barnevernet med utgangspunkt i fråvær i samband med sjukdom og lovfesta permisjonar, situasjonen der er no i ei positiv utvikling. I løpet av 2016 ønskjer me å vurdere stillingsbrøk for tiltaksarbeidar i barnevernet, den er i dag 50 %, me ser at denne med fordel kunne vore auka opp til 100 %. Me kunne då redusert noko på oppdragsavtaler og mellombelse arbeidsavtaler.

Dei fleste sjukepleiar og helsefagarbeidar stillingane er tilsett med rett kompetanse. Me ser ein trend den siste tida at det er noko vanskelegare å få tilsett sjukepleiarar i ledige stillingar. Ein del permisjonar og sjukefråvær gjer det naudsynt med bruk av vikarbyrå.

Det har vore noko vakansar særskilt ved bufellesskapet i Vågsmarka, dette må også sjåast i ljøs av eit høgt sjukefråvær som utløyser behov for vikarar og mellombelse arbeidstakarar, det er normalt vesentleg vanskelegare å rekruttera til vikariat enn til faste stillingar.

Innanfor teknisk drift har me hatt ei stilling som har stått i vakanse over lengre tid grunna fråvær, me har gjort tilsetjing i årsvikariat no ved inngongen til 2016.

Følgjande stillingar vart skipa i meldingsåret:

Stilling	Stillingsstorleik	Tenestestad	Grunngjeving
Barne og ungdomsarbeidar	48 %	Lunde barnehage	Auka barneopptak
Førskulelærar	200 %	Stjernereiso barnehage	Auka barneopptak
Barne og ungdomsarbeiar	240 %	Stjernereiso barnehage	Auka barneopptak
Miljøarbeidar	276 %	Haugen bufellesskap	Ny tenestemottakar
Sjukepleiar	76 %	Open omsorg	Endring frå innleige til eiga tilsetjing grunna varig behov.
Helsefagarbeidar	70 %	Open omsorg	Endring frå innleige til eiga tilsetjing grunna varig behov.

Tab. 2.5: Skiping av stillingar i 2015

## 2.7 Etikk

Tysnes kommune sine gjeldande etiske retningsliner vart vedtekne i 2009, og er framleis lagt til grunn for både ombod og tilsette.

Arbeid med etikk vert elles fylgt opp i varierende grad i dei ulike einingane, dette er også knytta til kva problemstillingar som til ei kvar tid dukker opp. Dei etiske retningslinene er nyttige og gjev eit godt grunnlag for drøfting når me kjem opp i situasjonar som kan vera krevjande, i samband med ein krevjande situasjon knytt til undervisning av flyktningar og barnehagedrift ved Lunde barnehage nytta me retningslinene for å avklara spørsmål om intern og ekstern kommuniskasjon

Tysnes kommune har i tillegg til etiske retningsliner og vedteke reglement for intern varsling av kritikkverdige tilhøve. Det vert som fast rutine vist til at me ønskjer varsling av slike tilhøve ved tilsetjing.

Dei etiske retningslinene vert vurdert opp mot behov for revidering i 2016.

Politikarar og administrativ leiing deltek gjennom registrering av verv gjennom styrevervsregisteret, ordninga er mein å gje større grad om openheit og gjennomsyn i politikk og forvaltning.




## POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

### 3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2015 slik:



I samband med kommunevalet hadde kommunestyre sak om politisk styringsstruktur til handsaming i sitt møte 3. mars, det vart då vedteke at oppvekst/omsorg vart erstatta av eit tenesteutval og at endringa tredde i kraft etter valet. Det vart vidare gjort ein del endringar i oppgåvedeling mellom utvala og dei politiske reglementa vart revidert, men det vart ikkje gjort større strukturelle endringar.

Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanståande tabell viser politisk aktivitet målt i antal saker i siste år fordelt per utval.

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval

	2011	2012	2013	2014	2015
Kommunestyre	96	89	72	69	95
Formannskap	91	88	107	97	111
Oppvekst/omsorg – tenesteutval	-	-	40	25	20
Landbruk/teknisk	142	134	165	130	135
Administrasjonsutval	6	12	4	9	5
Arbeidsmiljøutval					7
Eldreråd	-	-	-	-	8
Ungdomsråd	-	-	-	-	8
Sakkunnig nemnd	-	-	-	-	7
Sakkunnig ankenemnd	-	-	-	-	2
Tilsetjingsutval	-	-	-	-	76
Husbankutval	-	-	-	-	14
Valstyre					14
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	-	-	-	-	0
Andre <sup>i</sup>	104	132	115	130	
SUM					502

<sup>i</sup> AMU, sakkunnig nemnd, tilsetjingsutvalet, ungdomsrådet og eldrerådet.

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2015

Møtedato	Sak
Kommunestyre	21. januar Nytt omsorgssenter – alternativ plassering
	3. mars Industriområde på Dalland
	Val av valstyre
	Nytt omsorgssenter
	Kommunen sin bruk av utbyggingsavtalar
	Overføring av skatteoppkrevjar til staten - høyring
	Politisk omorganisering
	Tilbod om overtaking av forvaltningsområder
	Oppheving av kommunelova kap. 5 B – samkommune
	Kommunalt tilsyn med flaum, erosjons- og skredsikringstiltak i vassdrag Reisoelva
	Dispensjon frå arealdelen, lokalitet Vernøya - klage
	Opptak av startlån til vidare tildeling.

16. mars	Folkemøte om kommunereform ved Fylkesmannen
12. mai	Tilstandsrapport - Tysnesskulane
	Overgangsplan for barnehagane og skulane i Tysnes
	Omdisponering av timeressursar i skulen
	Utviding modulbarnehage
	Samtykke til oreigning - høyring
	Tilskot til flytebyggjer
	Retningsliner for fritak for eigedomsskatt – Institusjonar og historiske bygg
	Kommunal garanti - vasslaga
	Søknad om garanti for lån – Våge hamn
	Framlegg til reguleringsplan - Flornes
	Framlegg til reguleringsplan - Elsåkerneset
16. juni	Strategisk næringsplan - Bergensregionen
	E39 – Trasèval – uttale til planprogram

	Kommunereform i Sunnhordland
	Samarbeid kring brann og redning i Bergensregionen
	Kulturskulen – nye tiltak i 2015
	Omorganisering av leksehjelp
	Søndagsopne butikkar - høyring
	Busetjing av flyktningar
	Utlysing av sekretariatfunksjonen for kontrollutval
22. september	Nye adresseparsellar
	Endringar i inndelingslova og kommunelova - høyring
	Eigedomsskatt – verk og bruk - høyring
	Streaming av kommunestyremøta
	Interkommunal strandsoneplan Sunnhordland - høyring
13. oktober	Konstituerande kommunestyremøte
10. november	Felles kommunestyremøte med kommunane Austevoll, Os og Fusa i samband med rapport om kommunesamanslåing - Bjørnefjorden



15. desember	Vegnamnsaker
	Stadnamnsaker
	Godtgjersle ordførar og varaordførar
	Søknad om salsløyve av alkohol med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent – AS Vinmonopolet
	Søknad om sal og sjenking av eigenbryggja øl - Mandelhuset
	Mottak og busetjing av flyktningar i 2016
	Tysnes omsorgssenter – val av totalentreprenør – oppstart bygging

Ovanstående tabell viser ein del av dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2015. Ein god del saker er ikkje teke med slik som godkjenning av årsmelding, rekneskap, budsjett m.v. Dei sakene som er teke med fortel likevel ein del om breidda i politikken.

Den viktigaste politiske hendinga i meldingsåret 2015 var sjølvstøtt kommunevalet og konstituerande møte 13. oktober, i konstituerande møte vart det store utskiftingar i dei ulike utvala, men den største endringa var nok at det vart skifte av ordførar og varaordførar. Kåre Martin Kleppe tok då over ordførarklubba frå Kjetil Hestad, Kristin Gjerstad Teigland Kleppe vart ny varaordførar etter Bjørn Lande. Me kan også ta med at det i eiga sak 15. desember vart avklara at dei deler godtgjersla og arbeidet slik at varaordførar vil ha ein fast dag for politisk arbeid i veka, desse 20 % var finansiert gjennom reduksjon i ordføraren si godtgjersle.

Forutan kommunevalet vart også kommunereform eit tema i 2015, kommunestyre deltok på folkemøte i Grendatun i mars og deltok også i eit felles møte med kommunane Os, Fusa og Austevoll i Oseanna i november. I juni vart rapporten etter moglegheitsstudie i Sunnhordland lagt fram for kommunestyre og det vart i vedtaket i denne saka sagt at me skulle sjå vidare mot Sunnhordland, men også til eit Bjørnefjordalternativ. I møte i desember valte kommunestyre å sei til å teikna ein intensjonsavtale med kommunane Stord og Fitjar, samstundes vart det opna for å gå vidare med samtaler kring eit Bjørnefjordalternativ. Fleire av høyringssakene kommunestyre hadde til handsaming i 2015 handlar også om kommunereform slik som endringar i inndelingslova og kommunelova, og oppheving av lovføresegnene om samkommune.

Flyktningar var ei stor sak på alle styringsnivå i 2015, også i Tysnes var dette oppe som sak ved fleire høve, i desember vart det gjort vedtak om å auka opptaket av flyktningar til busetjing i 2016 til det doble. Det var også fokus på Hovland bu og omsorgssenter, det er kome inn førespurnad om kjøp av bygget der målet er å etablera det som eit mottak for einsleg mindreårige asylsøkjjarar. Administrasjonen er beden om å utgreie spørsmål om etablering av eit mottak på Hovland langs ulike aksar i 2016.

Det var gledeleg at det igjen vart behov for å auka kapasiteten i barnehagane våre, og etter vedtak om utviding av modulbarnehagen på Reiso i mai 2015 stod den klar tidleg på hausten same år.

Planprogrammet for den statlege planen knytt til framføring av E39 over Tysnes vart lagt fram for uttale i junimøtem me har von om at planframlegget vert klart frå Statens vegvesen i løpet av 2016. Framføring av E39 vil vera eit tidsskifte for Tysnes samfunnet, men me ser no at det truleg krev meir innsats og politisk kløkt enn nokon gong å få losa prosjektet inn i første del av NTP.

I desembermøte hansama Tysnes kommune for første gang spørsmål om alminneleg salsløyve for alkoholhaldig drykk over 4,7 volumprosent. Vinmonopolet vil etablera eit minipol på Tysnes, dei ser føre seg oppstart før sumarsesongen 2016.

Til sist ser me at spørsmål om nytt omsorgssenter har vore handsama i fleire møter også i 2015, det er svært gledeleg at me i møte i desember gjorde val av leverandør og formell oppstart av prosjektet. Me har no flytta oss frå papirflyttingsfasen og inn i den verkelege verda og det var med stor glede at me kunne overvaka dei første spadetaka 18. februar 2016.

Dei andre sakene som er ført inn i tabellen over er for å visa breidda i arbeidet, nokre av dei vert naturleg kommentert seinare i årsmelding og nokre av dei vert det ikkje.

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftest bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

### 3.2 Prosjekt

Gjennom 2015 har det vore arbeida med full fokus på å få lagt ut ein førespurnad på det nye Tysnes omsorgssenter i tråd med dei føringar som kommunestyre gjorde vedtak om i 2014/15.

Hausten 2015 gjorde så kommunestyre eit samla vedtak om ei endeleg utbygging.

Skanska AS med underleverandører vant konkurransen om utbygginga. Framdriftsplanen legg til grunn ei oppstart på tomte i februar 2016 - og hausten 2017 skal brukarane flytta inn i det nye omsorgssenteret. Ei byggetid på ca 18 månader. Parallelt blir det arbeida med ei utgreiing av eit klima og energiltak for både omsorgssentret og omliggjande bygningsmasse samt ei vidareutvikling av Tysnes Helse- og Omsorgsklynga. Her inngår ei planlegging av eit nytt bufellesskap samt alternative løysingar for byggetrinn 2 med 15 nye omsorgsbustader.

Etter som omsorgssenteret no er kome i gang er no det lagt eit godt grunnlag for den vidare prioriteringa av nye prosjekt i økonomiplanen fram mot 2020.

Her ligg ei rekke nye og mindre prosjekt inne med blant anna:

- nytt mellomtrinn ved Tysnes skule
- Nytt bufellesskap og flytting av bufellesskapet i Våge til Tysnes Helse- og Omsorgsklynge (Tysnes H-ogOk)
- Utgreiing og søknad om etablering av eit klima og energiltak ved Tysnes H-ogOk.
- Utgreiing og innføring av ny omsorgsteknologi
- Ei rekke mindre tiltak innafor oppvekst som gjeld fysisk- og sosial tilrettelegging - samt tiltak innanfor barnehage drifta.
- Oppgradering av eiegenomen i Eredalen med ei utviding av arealet for ein framtidig ny brannstasjon.
- Arbeid med ein felles VA hovudplan og dokumentasjon av VA infrastrukturen i kommunen sitt kartsystem

Så langt er følgjande prosjekt ferdigstilt eller under arbeid:

Tab. 3.3. Prosjektoversyn

**2013**

**2014**

**2015**

Lunde barnehage - ombygging  
 Lunde parkering – utbygging  
 Modulbarnehage Reiso – utviding  
 Nytt omsorgssenter – forstudie  
 Nytt omsorgssenter – forprosjekt  
 Nytt omsorgssenter - hovudprosjekt  
 Tysnes omsorgssenter - utbygging

Energiløysing nytt omsorgssenter - utgreiing

Rådhuset - planlegging/ombygging  
 Heningen kai - planlegging/utbygging  
 Utbygging VVA Henninghagen bustadfelt  
 VA i ny gangveg Uggdal - planlegging/utbygging  
 Rehabilitering prestabustaden Jensvoll  
 Apalvikjo badeplass fase 1 planlegging/utbygging  
 Vågsmarka busstopp planlegging/utbygging

	Avslutta	
	Avslutta	
		Avslutta
	Avslutta	
	Avslutta	
	Under arbeid	Avslutta
		Oppstart
	Under arbeid	Under arbeid
	Under arbeid	Avslutta
	Avslutta	
		oppstart
	Under arbeid	Avslutta
	Under arbeid	Avslutta
	Under arbeid	Avslutta
	Under arbeid	Avslutta

Hovudfokus i 2015 har vore på 5 prosjekt

- Utarbeiding av ein konkurranse om tilbod på ein totalentreprise på Tysnes omsorgssenter og val av totalentreprenør.
- Utviding av Stjernereiso barnehage med 2 nye avdelingar samt tilhøyrande fellesrom. Arbeidet blei bestilt seint på våren 2015 og stod ferdig til innflytting i september 2015.
- Ny gang og sykkelveg mellom Uggdalseidet og Rådhuset i Uggdal sentrum. Utbygginga var ein kontrakt mellom Statens vegvesen og Stord anlegg AS. Tysnes kommune og Uggdal vassverk hadde så ein utbyggingsavtale med SVV om etablering av eit nytt VA anlegg på

same strekket. Utbygginga hadde som formål å erstatta det usikre avlaupet som ligg i Kyrkjevatnet og å få eigedomar som ligg langs vegen tilknytt det offentlege avlaupsnett. For Uggdal vasslag var det eit godt høve til å få oppgradera nettet med auka kapasitet og ei forbetra drift.

- Trafikksikring av busshaldeplassen for skuleborna i Windsorkrysset har vore tema i lang tid og løysing vart at det skulle byggjast ei ny rundkjøring med busshaldeplass på næringsområde til Tysnes kommune nord om barnehagen. Det blei inngått ein kontrakt med Stord anlegg AS. Busshaldeplassen blei tatt i bruk i september 2015.
- Eit mindre prosjekt som har vore gjennomført i 2015 er i samarbeid med Lunde bygdalag å få etablert eit badeområde i Apalvikjo. Her fekk Runes maskin AS oppdraget med å flytta masser, byggja parkeringsplass, etablera gangveg, volleyball bane, grillplasser og strandområde. Prosjektet er ikkje ferdigstilt, men det er søkt i samarbeid med Bof om tippemidlar for ytterlegare utbygging med eit offentlig toalett, ei badeplattform og etablering av ein gapahuk. Lunde bygdalag skal sjølv stå for resten av arbeidet.

Ut over dette har det vore avsluttande arbeid med måling av prestabustaden på Jensvoll. Det har blitt gjennomført ein oppussing av klasserom og tilrettelegging for vaksenundervisning ved Tysnes skule.

Innanfor kart og oppmåling har det vore gjennomført prosjekt med dokumentasjon av infrastruktur på avlaup og ei vidareføring av adresserings i 2015.

Det blei også inngått ein utbyggingsavtale med Onarbu om utbygging av VVA i det nye bustadfeltet Henninghagen. Dette arbeidet blei starta opp i 2015 og skal stå ferdig våren 2016. Etter avtalen er det Tysnes kommune som er prosjektansvarleg for dette.

### 3.3 Planarbeid

Frå og med september i 2015 har me omsider fått dekkja inn stillinga som arealplanleggjar i Tysnes kommune, stillinga er delt mellom kommunen si eiga planlegging og forvaltningsoppgåver. Me har framleis ein rammeavtale med Omega Areal og bør stå godt rusta innanfor planområde frametter!

I samband med områdeplan for Våge vart denne fylgt opp gjennom nærare konsekvensvurderingar i 2015, det vart mellom anna gjort marine kartleggingar i samband med utfyllingar i sjø. Ei nærare konsekvensvurdering var eit krav frå fylkesmannen. Gjennom dei marine kartleggingane viste det seg mellom anna at me kunne få utfordringar i samband med utfylling i Svevågen som følgje av funn av østers og ålegraseng. Det har vore arbeid med planen i 2015 og ut frå at det er gjort så vidt vesentlege endringar vart planen sendt ut på ny høyring i første kvartal dette år. Me har von om at planen vert endeleg godkjent i inneverande år.

I 2015 vart det meldt oppstart for planlegging av eit nytt bustadområde i Uggdal, området ligg svært godt plassert med gode nærliggjande naturkvalitetar. Etter oppstartsmeldinga har me funne ut at me vil utvida planområde til å ta med seg større land og sjøareal, dette inneber at planen også vert ei opprydning mot tilgrensande planar.

Reguleringsplan for nytt omsorgssenter vart endeleg godkjent i 2015.

Det vart inngått utbyggingsavtaler i samband med Onarheim Senter og bustadfeltet på Henningshagen. Me har også vore i dialog med Fronta om ein utbyggingsavtale for Krokjen/Lande. Utbyggingsavtaler er eit viktig verkty for å sikra og tilretteleggja for utvikling i privat regi, me vil ha fokus på å heva kompetansen på dette område i 2016. Det bør vera eit mål at utvikling av nye bustadområder i første rekkje bør skje i privat regi, men då med kommunal deltaking gjennom utbyggingsavtaler.

Me fekk løyvd nær kr 200` til rullering av trafikksikringsplan i 2015, målet må vera at dette arbeidet finn si form i 2016.

Gjennom samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Når denne er godkjent vil den vera eit viktig verkty i samband med rullering av kommuneplanen. Fylkesmannen kom med ei overraskande motsegn til planen og det har ikkje lukkast å ferdigsstilla arbeidet p.t.

Av private planar vart det vedtekne planar for Elsakerneset og Flornes.

## **4. TENESTEOMRÅDA**

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenestaområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapittel.

### **4.1 Sentraladministrasjonen**

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- Kultur
- Næring
- Plan

Eindel av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk og utvikling og personal.

#### **4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta**

I samband med ombygging av rådhuset, vart det ved hovudinngangen i 1. etasje lagt til rette for ein ny funksjonell resepsjon. Alle støttetjenestene frå etatane vart samla i Fellestenesta som ligg i tilknytning til resepsjonen. Drift av resepsjonen er ein del av oppgåvene til fellestenesta.

Det er ikkje tvil om at i samband med ombygging og omorganisering, er det nok denne tenesta som publikum har lagt mest merke til og som me har fått gode tilbakemeldingar på.

2015 vart det gjennomført kommuneval, i samband med valgjennomføringa var det lagt opp til ei viss internopplæring då mangeårig valmedarbeidarar har signalisert at ho vil gje seg. Valgjennomføringa gjekk bra, og valet vart godkjent utan merknader. Førehandsrøystinga i august og september 2015 var også gjort i resepsjonen, og veljarane var godt nøgd med at førehandsrøystinga var lett tilgjengeleg, særleg med tanke på rørslehemma.

Fellestenesta handterer all inngående og utgåande post for rådhuset. Arkivet for alle einingane er no samla i tilknytning til fellestenesta.

I tillegg til dette har fellestenesta støttefunksjonen til alle politiske møter, vedlikehald av arkiv og arkivplan, støtte opp mot løn og personal, foreldrebetaling i barnehager og SFO og andre tenester som kommunen til ei kvar tid har bruk for.

I samband med ombygging og samlokalisering av fellestensta, er det bygd eit nytt arkivlokale. Lokalet er bygd etter forskrifter knytt til arkivlokale, og det er såleis det einaste lokalet på rådhuset som erigna til oppbevaring av arkiv over lengre tid. I februar i 2015 hadde me tilsyn på arkivet frå arkivverket ved statsarkivet i Bergen. Me har enno ikkje fått tilbakemelding på kva dette tilsynet avdekka.

I desember 2015 vart det gjort ein stor jobb knytt til endring og tilpassing av sak og arkivsystema til nye organisatoriske føresetnader.

#### 4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2015 vore stabile og med ei høg oppetid. Dei problem me har hatt her, har vore knytt til bortfall av telesamband og straum.

Brot i telesambandet skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er at helsenett oftast også vert ute av drift når telesambandet er nede. Dette er alvorleg ut frå at stadig meir informasjon til og frå legesystemet går elektronisk via helsenett. Døme er e-resept og lab-svar frå Haukeland. Inntil no har ikkje Norsk Helsenett kunna tilby reserveløysingar når det ordinære nettet er nede, men me er i dialog med dei for å finna betre løysingar.

Straumbrot er også eit stort problem for serverane på rådhuset. Ukontrollert stans, m.a. i samband med orkanen Nina, medførte fleire gonger i 2015 til svært kostbare feilrettingar. Eit naudstraumsaggregat, med automatisk oppstart ved straumbrot, på rådhuset vil løysa dette problemet. Me har venta på eit slikt naudstraumsaggregat sidan 2013, og håpar på at det kanskje kan koma på plass til neste år eller året etter.



Brot i telesamband/fiber til rådhuset og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir opplæring innan bruk av IT-system. Dette gjeld både generell datakunnskap og kunnskap om bruk av fagprogram. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

Oppvekstområde har si eiga IT teneste. I 2015 er det blitt bygd ut trådløst nettverk i Lunde barnehage i samband med undervisning av flyktningar. Det er og komen trådløst nett på Uggdal skule og seinare i Tysneshallen. Det er og arbeidd med å finna alternative løysingar til fagprogrammet It's learning. Me har hatt oppstart og opplæring av personalet i bruka av Visma Flyt Skole. Visma Flyt er eit mellomsystem som inneber redusert administrasjon til løn og anna innan oppvekstområde.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår.

#### 4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune har sidan 1996 vore knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskom-mune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2015 gjennomført fleire eigne anbodskonkurransar mellom anna knytt til nytt omsorgssenter, ny lastebil, møblar/inventar til Tysnes skule, måling av Uggdal Kyrkje og måling av Rådhuset.

Ved nye innkjøpsavtaler vert det stilt krav om fakturaer i elektronisk format. I 2015 fekk Tysnes kommune omlag 75 % av innkomne fakturaer elektronisk. Dette er ei gledeleg utvikling og målet er at me skal koma så nær opp mot 100 % som mogeleg.

Me har også jobba vidare i 2015 for å auka elektronisk handel over E-handel/IBX. Dette gjeld både opplæring av eigne tilsette og arbeid med å få fleire avtalar på nettet.

Me opplever at dei som kjøper inn for kommunen er særst flinke med fakturakontroll, noko som heilt klart har vore ei forbetring i samband med at nytt økonomisystem gav betre arbeidsflyt og sikra at kjøpar alltid også er fakturamottakar.

#### 4.1.4 Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09. Ved innføring var skattesatsen på 2 promille. Også i 2015 var eigedomsskattesatsen 3,8 promille. I 2015 vart investeringsfondet auka med om lag 1,2 mill til 5,2 mill.

#### 4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap

2015 starta med at eit av det verste stormsenteret, Nina, på mange år trefte Tysnes helga 10.-11. januar. Ut frå varsla som kom via Fylkesmannen tidleg i veka, sette Tysnes kommune opp beredskapen med å varsla Drift og Vedlikehald, innkvateringsnemder, Statens vegvesen, politiet m.m.

At straumen på heile Tysnes og såleis alle kommunikasjonssamband skulle vera vekke i nesten 24 timar var likevel uventa og gav kommunen mange utfordringar. Det vart ikkje registrert alvorlege hendingar

I samband med evalueringa i etterkant vart det påpeikt og gjennomført ein del forbedringspunkter:

Innkjøp av satelitttelefon – me har no to satelitttelefonar i verksemda

Innkjøp av system for SMS varslings – dette er kjøpt inn og er klart for utprøving

Meir detaljert informasjon til publikum før hendinga

Ta alltid utgangspunkt i verst tenkjelege scenario!

Samarbeidet med Tysnesfest om beredskap var godt også i 2015. Det vert lagt ned mykje godt arbeid for at ein skal vera mest mogeleg budd på uønska hendingar under Tysnesfest, me opplever at beredskapsorganisasjonen til Tysnesfest er profesjonell og godt rusta.

På seinsumaren vart beredskapsgruppa igjen involvert i samband med nasjonal trusselvurderingar i samband med terror.

Øving Hordaland 2015 var ei øving på atomberedskap med ei uønskt hending i samband med vitjing av reaktordreve fartøy til Haakonvern orlogsstasjon. Tysnes kommune deltok på fleire møter i samband med førebuing av øvinga. Øvinga i Tysnes vart i hovudsak gjennomført av KKL. I slike hendingar vil krisekommunikasjon vera ei sær sentral og viktig oppgåve.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sine beredskapsplanar i februar 2015, merknadene me fekk gjennom tilsynet var i all hovudssak knytt til behov for oppdatering av ROS analysen for Tysnes. Me er i dialog med fylkesmannen om vidare oppfølging.

Generelt har det dei seinare åra vore eit høgt fokus på samfunnstryggleik og beredskap i verksemda og me meiner at me har klart å trekkja læring ut av dei fleste situasjonar me har kome opp i, anten dei er reelle eller øvingar.

#### 4.1.6 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen. Det vart i 2015 arbeida vidare med elektroniske løysingar som elektronisk fakturering, mottak av elektronisk faktura, e-handel. I samband med planlagde investeringar i 2016 vert det også lagt til rette for elektronisk brevutsendingar.

I høve nye investeringsprosjekt skal det leggjast til rette for energiøkonomisering, dette er lagt til grunn både i forprosjekt for nytt omsorgssenter og Tysnes skule.

#### 4.1.7 Økonomi og løn

Veksten i inngåande EHF-fakturaer har vore god også i 2015. Gjennom året har andelen av fakturaer som kom elektronisk vore 66%, mot 49% i 2014. EHF fakturaer sparar oss for mykje manuelt arbeid, samstundes som fakturainformasjonen vert overført til oss raskt og presist.

Implementering av A-melding på løn har gått greitt. All rapportering til NAV, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå blir no levert i ei felles elektronisk melding – samstundes til alle tre etatar.

I 2016 står me mellom anna føre ei oppgradering av ERP-systemet vårt (økonomisystemet Agresso). Dette er eit løft som me er nøydd til å gjennomføra, ettersom eksisterande versjon av Agresso ikkje lenger vil verte supportert frå leverandøren si side.

#### 4.1.8 Næring og reiseliv

Ordfører og næringskonsulent arbeider kontinuerleg med næringsutvikling. Ein har både oppsøkjande arbeid i høve til etablerte næringsverksemdar i kommunen og møter med personer som har idear og ønskjer om å starta egne verksemdar. Etter valet er varaordførar sett opp med 20 % stilling med eit særskilt fokus på næringsutvikling.

Kommunen la ned mykje arbeid i 2015 med å sikra vidare drift av Myrdal Gard og resultatet vart positivt.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemdar og for å gjennomføra kurs. Samarbeidet med bl.a. Invasjon Norge og Fylkesmannen fungerer godt og Tysnes er ein av kommunane som opplever størst trykk i arbeidet med gründere. Samarbeidet med landbrukskontoret om næringsutvikling har også vore nyttig.

Tysnes sine sider i Sunnhordland Guide vart oppdatert. Turistinformasjonen i Våge fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale, me har i 2016 motteke ein søknad knytt til vidareutvikling av tenesta, dette må sjåast i samanheng med ei samla utvikling av reiselivsnæringa på Tysnes.

#### 4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte: Kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfest fekk direkte tilskot.

Tysnes kommune har vore representert i arbeidsgruppe for utvikling av Onarheim kulturkyrkje og koordinator for Kystsogevøkene, kulturarbeidsgruppa og Hegglandgruppa 2019.

Kommunen var vertskap for den Offisielle opninga av Kystsogevøkene i 2015. Opninga vart markert med programstart på Årbakka, offisiell opning på Alsaker brygge med talar, kulturinnslag, utstillingar, marknad og avslutning med framsyninga «Anna Gyria» v/ Johanne Øvstebø Tvedten i Onarheim kyrkje. Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med lokale lag, friviljuge, Årbakka handelsstad og Alsaker fjordbruk.

I samarbeid med lokale lag deltok kommunen med 6 ulike arrangement under Kystsogevøkene/Kulturminnedagane i perioden frå 8. august til 13. september.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne, planarbeid og kulturbasert næring.

Venelaget for jåttmuseum fekk 12 000, Årbakka handelsstad 20 000 og Skulemuseum i Solheimsdalen 30 000 i tilskot. Smio i Uggdal vart overdratt frå kommunen til Uggdal bygdelag. Laget fekk 20 000 i tilskot til vøling og vedlikehald.

Delar av lokalhistorisk biletsamling (305 glasplatenegativar) vart avfotografert og digitalisert.

Planprogram for kommunedelplan for kulturminne vart ferdigstilt og prosjektgruppe vart oppretta for arbeidet med sjølve kulturminneplanen Tysnes kommune fekk 200 000 i tilskot frå Riksantikvaren til vidare planarbeid og registreringsarbeid.

Kommunen har leigeavtale med Årbakka Handelsstad om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområde. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år. Avtalen kan reforhandlast kvart 3. år. Handelsstaden fekk i tillegg tilskot til drift for sommarsesongen.

Tysnes musikklag og Tysnes kammerkor fekk underskotsgaranti i samband med arrangement. Det årvisse tilskotet til drift av kino vart vidareført. Kulturprisen vart tildelt Tysnes kystlag.

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Restbeløp kr 374 000 av tildelte spelemidlar til Reiso kunstgrasbane vart overført til kommunen. Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv må prioriterast i 2016.

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

Totalt er 33 stigar merka og gradert etter nasjonal standard i prosjektet «Vandring Tysnes». Turstigar, badeplasser og friluftsområde er svært viktige tilbod i folkehelsearbeidet. Apalvika friluftsområde i Lunde er godt opparbeid og mykje grunnarbeid og tilrettelegging er gjennomført i samarbeid med Lunde bygdelag og BOF. Området vil verte ferdigstilt med sandvolleyballbane og sanitæranlegg i 2016.

Prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Hordaland starta og arbeidet i den lokale arbeidsgruppe er godt i gang. Bergen og Omland Friluftsråd leiar prosjektet.

Tysnes var representert med 8 deltakarar på Ungdommens Kulturmønstring (UKM) under fellesmønstringa på Stord mellom Bømlø, Fitjar, Stord og Tysnes. Alle «våre» deltakarar gjekk vidare til Fylkesmønstringa i Bergen.

#### 4.1.10 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune, for å fremja folkehelse, vart fornya og Tysnes fekk tildelt 75 000 i stimuleringsmidlar. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.

Til prosjektet «Trivsel Tysnes» vart det løyvt 30 000 i tilskot til Njardar/Tysnes IL. Dette er eit lavterskeltilbod for born frå 1. til 4. klasse der alle kan vere med rett etter skuletid. Idrettsglede, mestring, integrering, samhald og fysisk aktivitet står sentralt i prosjektet.

Det å finne aktivitetar og interesser som opplevast som meningsfulle er også viktig for å nå måla om god folkehelse. Kulturlaga og idrettslaga i kommunen gjer eit viktig arbeid gjennom arrangement, aktivitetar og kurs og bidreg til at kunnskapen og aktivitetane vert tilgjengeleg for alle.

#### 4.1.11 Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2015 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held dessutan ope på dagtid to dagar i veka då det også vert gjort kontorarbeid. I tillegg er det sett av fem timar i veka til indre arbeid.

Mediebudsjettet var i 2015 på kr 100 000, i samsvar med den gjeldande bibliotekplanen for kommunen. I tillegg til dei obligatoriske innkjøpa via Biblioteksentralen vart det teke sikte på å imøtekoma publikum sine ønskje både når det gjeld litteratur, lydbøker og andre medium.

Tab. 4.1 Utlånsstatistikk bibliotek

	2011	2012	2013	2014	2015
Bøker/andre media	6592	6448	7172	7750	7038

Utlånet var på totalt 7038 bøker og andre medium mot 7750 året før – altså ein svak nedgang samanlikna med 2014, etter fleire år med ein jamn oppgang. Besøkstalet vart ikkje målt, men det kjem stadig nye lånarar til og i opningstida er det som regel “livleg”. Det vart halde sju arrangement ved biblioteket i 2015 som alle var godt besøkt. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, hjelp til skuleelevar, studentar osv. Også for framandspråklege innflyttarar og flyktingar har biblioteket kome til å spela ei viktig rolle.

Biblioteket har vorte ein viktig ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Også om sommaren frå juni til august har biblioteket i mange år spelt ei viktig rolle som servicetilbod for feriegjestar og tilreisande som vitjar Tysnes. Eit viktig mål for Tysnes folkebibliotek har vore å framstå som eit moderne bibliotek og ikkje sakka akterut samanlikna med dei større biblioteka i nabokommunane.

I 2015 vart det også gjennomført digitalisering av den lokalhistoriske biletsamlinga ved biblioteket. Ca. 2000 bilete vart skanna og katalogisert og publisert på nett. Skanninga vart utført ved ei avtale om arbeidspraksis med NAV. Søkefunksjonen for biletsamlinga har så langt passert 6000 treff.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2015 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner, og har tilført biblioteket ressursar.

Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. I 2011 vart det vedteke ein ny bibliotekplan for kommunen, der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Dette arbeidet heldt fram i 2015, med det siktemålet å gjera biblioteket endå meir attraktivt som eit kommunalt servicetilbod.

#### 4.1.12 Tysneshallen

Tysneshallen har hatt god drift også i 2015, det var ein viss spaning knytt til korleis arbeidet her skulle finna si endelege form etter at Helge Hauge valte å trekkja seg litt ut. Det er no fellestenesta som koordinerer drifta ved hallen, nærare bestemt Ingrid Tysnes Stue. Arbeidet med koordinering av drifta vert utført på ein svært god måte. Ei utfordring frametter er å unngå å «kommunalisera» hallen på ein slik måte at det reduserer det initiativet frå lag og organisasjonar som har vore nøkkelen til suksess. Me er trygg på at det skal vera mogleg.

Me er også glad for at det i 2015 vart oppretta ein bowlingklubb som ta mykje av denne delen av drifta.



## 4.2 Oppvekst

Oppvekstsområde dekker fagområda skule, barnehage, PPT, kulturskule og vaksenopplæring. Gjennom 2015 har det vore arbeid med ei overføring av fagområda barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge. Arbeidet her har vore godt og tilbakemeldinga frå tensteområda er at dei vurderer at det har verka til å styrkje det tverrfaglege perspektivet.


### 4.2.1 Grunnskule

Me har 3 skular i kommunen fordelt på eit samla elevtal på 287 elevar.

Tab. 4.2: Utvikling av elevtal delt per skule	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16
Uggdal	87	85	88	86	97
Onarheim	22	18	22	27	20
Lunde	17	17	0	0	0
Tysnes mellomtrinn	88	68	81	82	80
Tysnes ungdomstrinn	116	120	120	104	90
<b>Elevtal</b>	<b>320</b>	<b>308</b>	<b>311</b>	<b>299</b>	<b>287</b>

Figuren under viser utviklinga av elevtalet grafisk fordelt mellom ungdomstrinn og små- og mellomtrinnet. Me ser at elevtalet har stabilisert seg på små og mellomtrinnet og har såleis von om positiv utvikling av det samla elevtalet på sikt.

Fig. 4.1: Grafisk framstilling av elevtalsutviklinga.



Onarheim skule. 1.- 6. skule med p.t. 20 elevar. Skulen har rektor i 100 % og 2,7 lærarårsverk. I tillegg har dei ein SFO-assistent 10 timar i veka. Onarheim skule har eit godt og oversikteleg elevmiljø, og det blir arbeidd godt i både teoretiske som praktiske fag. Sosial kompetanse og fysisk aktivitet er timeplanfesta. Skuleåret 2015/2016 har skulen igjen inngått eit samarbeid med Årbakka handelstad, noko som skal munne ut i ein kunstutstilling med opning 1.mai 2016

Uggdal skule. 1.-4. skule med 97 elevar og 5 klassar. Skulen har rektor i 100 % stilling, i overkant av 6 pedagogstillingar og opp mot 7 assistentstillingar. Her er fulltids SFO. Skulen legg vekt på eit inkluderande miljø både for små og store. Me er flinke til å samarbeida og dela, og dette munnar ut i mykje spanande sosialt og kulturelt samarbeid. Dette året har det særleg vore fokus på lese- og skriveopplæring (SOL), vurdering for læring, læringsmiljø og relasjonsorientert klasseleiing. Me satsar stadig på «Tidleg innsats», at elevane skal få hjelp så tidleg som mogleg, dersom det viser seg at dei har utfordringar på særskilte område.

Tysnes skule. 5.-10. skule med 80 elevar på mellomtrinnet og 90 elevar på ungdomstrinnet. Skulen har rektor, inspektør og rådgjevarar i tillegg til ca. 19 lærarårsverk. Elevundersøkinga viser at skulen har eit godt sosialt miljø, med lite mobbing.

Me har framleis ein liten nedgong på elevtalet, 12 elevar frå førre år. Personalet er stabilt, med ei lita auke på tal assistentar. Me får stadig fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring m.o.t. assistent- og pedagogressursar. Uavhengig av dette viser nedanståande tabell at det i dag er færre årsverk per elev enn tilsvarande i skuleåret 2011-12

Tab 4.3: Utvikling av elevtal og lærarårsverk	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16
Elevtal	320	308	311	299	287
Årsverk	43,2	38,3	34,2	30	29,7
<b>Elevtal per årsverk</b>	<b>7,4</b>	<b>8,0</b>	<b>9,1</b>	<b>10,0</b>	<b>9,7</b>

#### 4.2.2 Spesialundervisning

Talet på spesialundervisning er framleis svært høgt. Me ynskjer å dreia all undervisning til «tilpassa opplæring», der alle elevar får undervisninga på sitt nivå, jamfør opplæringslova § 1.3. Dette er nedfelt i planen me laga i 2014: «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune». Tanken bak dette er å auka lærartettleiken/assistentbruken særlig hjå dei yngste elevane våre, så ekstra pedagog/assistenttimar kan brukast fleksibelt og der det er mest trong for det.

Spesialundervisning bør berre tilråast i heilt særskilte tilfelle.

Tab 4.4: Elevar med einskildvedtak	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16
Elevar	36	35	39	38 (40)	23(T) + 7 (U)

Likevel ser vi at vi får stadig nye problemstillingar, både med elevar som kjem flyttande til kommunen og med elevar som har store utfordringar på ulike område. Det har vore eit stort fokus å kursa personale for å sikra at tilpassa undervisning vert nytta meir i staden for spesialundervisning. Talet på einskildvedtak viser ein god nedgang frå førre skuleår til skuleåret 2015/16, det er eit klart mål å vri ennå meir av spesialundervisninga inn mot dei yngste elevane.

Tysnes kommune har logoped i 80-90 % stilling. Logopeden jobbar både med barnehagebarn og elevar i skulen. Dette er eit svært godt tilbod, som gjer at vi får jobba med ulike språkproblem på eit tidleg stadium og borna får den hjelpa dei treng utan å måtte reisa vekk.

#### 4.2.3 Blå skule

Litt fleire faste elevar har gjort at talet på elevar som blir med i periodar er redusert noko. Men fortsatt er Blå skule eit tilbod som mange elevar ved Tysnes skule nyt godt av. Det faste mannskapet består av fem faste og nokon som er med litt meir sporadisk. Om lag 40 til 50 elevar har vore med i periodar gjennom dette året. Barnehagen har nytta onsdagen både vår og haust.

Den blå skulen gjev ein god balanse mellom sosial og fagleg trening, forutan dette sikrar dei at Solstråleøya framstår på ein god måte. Det kan mellom anna nemnast at dei etter stormen Nina har rydde opp i eit tosifra tal av trer som er fjerna og sagt opp til ved. Fagleg så lar fag som matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk seg lett kombinera med livet på øya!

#### 4.2.4 PPT

Tysnes kommune kjøper tenester frå Os PPT, tilsvarande ei heil stilling. Større PPT-kontor har tilgong på fleire typer tenester, noko som kan vera vanskeleg å få til i ein liten kommune. PPT Os har vore inne i ein omstillingsfase som har gjort at samarbeidet stundom har vore utfordrande. Vi håpar at desse problema er over og ser fram til eit framleis godt samarbeid med Os PPT.

Tab 4.5 Nøkkeltal grunnskule

	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor per elev	136 350	140 489	136 643	136 618	<b>140 870</b>	126 374	116 185
Lønnsutgifter til per elev	105 663	109 524	105 581	105 327	<b>108 300</b>	97 827	87 309
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 355	2 105	2 422	2 000	<b>1 924</b>	1 732	1 446
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	2 094	1 314	1 494	1 278	<b>1 155</b>	949	861
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	38,3	41	38,3	39,4	<b>42,5</b>	..	41,4

#### 4.2.5 Skulefritidsordning - SFO

Me har i dag SFO tilbod ved skulane som har småskuletrinn (1.-4. klasse). Elevtalet på SFO er stabilt, rundt 36 elevar nyttar tilbodet. Det har vore ynskje om å utvida tilbodet til å gjelda i haust- og vinterferie, men når det kjem til påmelding, er det lita eller inga interesse. SFO jobbar etter «Fritidspedagogisk plan» med ulike periodeplanar alt etter kva årstid vi er inne i.

Tab. 4.6: Barn med SFO tilbod

	2011	2012	2013	2014	2015
Uggdal SFO	27	26	25	29	<b>32</b>
Onarheim SFO	10	12	11	7	<b>5</b>
SUM	46 <sup>ii</sup>	38	36	36	<b>37</b>

<sup>ii</sup> Lunde skule hadde i 2011 eige SFO tilbod med 9 barn.

Tab 4.7: Nøkkeltal SFO	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar	265	262	200	248	188	194	166
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar 6-9 år	6 496	6 354	5 446	6 439	4 605	4 245	3 310
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	36,3	30,1	37,6	33,6	39,5	42,9	63,1
Andel elever i SFO med 100 % plass	26,8	0	34,2	27,8	31,1	32,8	56,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud per bruker, konsern	28 932	27 647	28 430	30 492	26 331	25 736	26 108

#### 4.2.6 Kulturskulen

Som tidlegare har det vore gitt undervisning i piano, gitar, slagverk, song og messing/aspirantundervisning.

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen	2011	2012	2013	2014	2015
Elevtal	83	52	49	48	88

Kulturskulen har utvida tilbodet til fleire uttrykk, dette er i tråd med dei politiske føringane om styrking av kulturskuletilbodet i kommunen. Aktiviteten vart auka hausten 2015 med tre grupper i dans. Tilbodet er eit samarbeid med SvingenPuls, og undervisninga føregår i deira lokale. 40 elevar kom til på dette tilbodet.

Kulturskulen sel dirigent-timar til kor og korps, og både Tysnes skulekorps og Tysnes musikklag vann sine divisjonar i 2015 (NM skulekorps og Siddis brass).

I 2015 vart det sett igong eit arbeid knytt til å laga ein plan for kulturskulen, arbeidet vert ferdigstilt i 2016.

Tab 4.9: Nøkkeltal kulturskolen

	Tysnes					Kommune	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	gruppe	2015
Netto driftsutgifter til kultur- og musikkskoler per innbygger	320	317	338	286	<b>269</b>	441	261
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 737	2 749	2 981	2 630	<b>2 549</b>	3 707	2 122
Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	16 719	18 798	28 110	25 111	<b>19 330</b>	18 579	19 421
Andel elever (brukere) i grunnskolealder, av antall barn i alderen 6-15 år	23,8	20,7	14,6	15,8	<b>21,9</b>	24,4	12,9

#### 4.2.7 Barnehagar

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2011	2012	2013	2014	2015
Vågsmarka	28	25	30	34	29
Stjernereiso	61	58	60	59	64
Lunde	16	22	25	21	22
Onarheim	12	13	20	22	27
<b>Totalt</b>	<b>115</b>	<b>118</b>	<b>135</b>	<b>136</b>	<b>144</b>

Me hadde 144 barn i frå fødselsåra, 2010 til og med 2014 per 15.12.2015. Det er **15** nye barn som har fått i barnehageplass etter nyttår.

2015 var det ei stor auke i opptaket vårt, grunna stort fødselstal i 2014. I tillegg hadde me ein del tilflytting av småbarnsfamiliar. Dette gjorde at me måtte handle raskt for å få plass til alle desse barna. Stjernereiso vart utvida med 24 plassar frå 1. september 2015, og vert heilt fylt opp i januar 2016. Her er det tilsett to nye pedagogar og to nye assistentar. Det er også gjort ein del forbetringar på ute- og inneområdet i samband med utvidinga på Stjernereiso, noko som er til stor glede for barn og personale.

Onarheim barnehage har måtta utvida til to fulle avdelingar i løpet av 2015. (Våren 2016 er det 40 plassar i Onarheim). Onarheim barnehage har no ei avdeling i skulen sine lokalar som ligg i etasjen over barnehagen. Dette er ei utfordring i det daglege arbeidet/samarbeidet mellom avdelingane. Uteområdet er også delt og gjer det vanskelig å avlaste kvarandre. I samband med kapasitetsauken er det i 2015 tilsett ein ny assistent og ein ny pedagog.

Lunde barnehage er barnehagen som tar inn barn som det ikkje er plass til i andre barnehagar, slik at me har høve til å ta inn barn gjennom heile året. Der er det ledig kapasitet, men få søknader. Mange barn i Lunde flyttar over til andre barnehagar når det vert ledig i dei andre barnehagane. Dette fører til mange innkøyringar og utskiftingar noko som gjev ei stadig endring i barnegruppa, dette er ein krevjande situasjon for personale i Lunde barnehage.

Vågsmarka barnehage har dette året hatt ei opprusting med nye garderober og heile barnehagen er malt lys innvendig. Dette aukar trivsel for både barn og vaksne.

Det har vore nasjonale endringar i forhold til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 4 og 5 åringar. Dette er ei ordning for familiar med lav inntekt. Tysnes kommune har laga søknadsskjema til desse ordningane. Me har i løpet av hausten 2015 fått inn 5 søknader om redusert foreldrebetaling. Foreldra må søkje på nytt kvart år for å behalde ei slik ordning.

### Planar og utviklingsarbeid

Barnehagane jobbar utifrå eigne årsplanar og elles felles planar i Tysnes Kommune. Det har vore gjort eit arbeid med å revidere dei planane me har, i løpet av dette året, i tillegg er det laga ny matematikkplan, ny plan for å hindre mobbing i barnehagane, handbok for arbeid med minoritetsspråklege barn. SOFYKOS-planen er revidert og TOSS-planen er ferdig.



Styrarane har vore med organisasjonsutviklingsprogrammet til Midthordland kompetanseregion. Dei har arbeida med å vidareført dette ut i einingane. Alle einingane jobbar med å bli lærande organisasjonar. Dette arbeidet ynskjer ein å vidareføra ut til pedagogane i barnehagane, det er vert starta eit utviklingsarbeid på dette i 2016.

### Spesialpedagogisk arbeid

Spesialpedagogisk arbeid i barnehagane. Ein ynskjer tidlig innsats, i tilfelle der barn har ulike utfordringar. Barnehagane er veldig flinke til å ta tak i dette og arbeide systematisk med einskildbarn. Me er også heldig som får god hjelp og rettleiing av logoped. Me har per 15.12.2015 4 barn med spesialpedagogisk vedtak etter opplæringslova. I tillegg har me 8 minoritetspråklege barn.

### Tilsyn

I 2015 har vi hatt tilsyn med 2 av barnehagane våre, Vågsmarka og Onarheim. Tilsynet handla om barnehagens innhald (Barnehagelova § 2) og rutinar i barnehagen. Ingen av barnehagane fekk avvik og begge fekk svært positive tilbakemeldingar frå dei eksterne tilsynsførarane.

Tab 4.2.11: Dekning og bruk	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2011	2012	2013	2014	<b>2015</b>	2015	2015
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	83,6	86,7	92,5	95,2	<b>89,9</b>	91,0	91,1
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	67,7	77,6	75,9	88,5	<b>83,1</b>	79,5	81,9
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	96,2	93,5	102,2	98,9	<b>94,6</b>	97,9	97,0

Ut frå ovanstående tabell ser me at bruk av barnehagar gjekk litt ned i fjor, me ser elles at bruk av barnehagar i særskilt grad har auka i perioden for gruppa av barn frå 1-2 år, me ligg litt over landsgjennomsnittet for denne gruppa, men ligg samla litt under då bruken er mindre enn landsgjennomsnittet for barn 3-5 år. Tysnes kommune har i desse åra har løpande barnehageopptak.

Tysnes kommune har ingen barnehagar med opningstid tilsvarande ti timar eller meir.

Tab 4.2.12: Utdanning og personaldekning	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	71,4	92,3	92,3	64,3	<b>88,2</b>	88,9	97,1
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	6,6	6,1	6,5	6,5	<b>10,7</b>	8,0	8,3
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	28,2	31,6	27,9	20,9	<b>32,6</b>	34,5	40,7

Det at me har ein mindre del tilsette med barnehagelærerutdanning enn samanliknbare kommunar er mellom anna ein konsekvens av driftsform der me har hatt som policy å driva med 18 plassar per avdeling, avdelingsstorleik med 24 plassar gjev etter retningslinene større pedagogdekning.

Me ser av ovanstående tabell at Tysnes har noko færre styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehageutdanning enn samanliknbare kommunar, tabellen under viser at me har fleire tilsette med anna pedagogisk utdanning enn samnaliknbare kommunar.

Tab 4.2.13: Andel styrarar og pedagogisk leiar med anna utdanning	Tysnes	Kostra gr.2	Hordaland
Andel styrere med annen pedagogisk utdanning	25,0	6,8	3,6
Andel pedagogiske ledere med annen pedagogisk utdanning	7,7	3,9	1,5

Tab 4.2.14: Areal	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015

Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	5,2	6,4	6,3	6,1	<b>7,6</b>	6,7	5,4
--	-----	-----	-----	-----	------------	-----	-----

Tab 4.2.15: Prioritering og produktivitet	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	7,6	9,3	9,8	10,4	<b>10,7</b>	11,4	16,1
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	80 693	110 430	112 815	117 473	<b>113 557</b>	127 891	134 648
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	118 162	149 462	145 185	149 842	<b>155 451</b>	170 277	190 839

#### 4.2.8 Tenester for barn og familie

Frå og med 2015 vart tenester knytt til barn og familie overført frå kap. 1.3 – helse- og sosial til kap. 1.2 – oppvekst. I praksis inneber dette at tenester som helsestasjon, psykisk helse for barn og unge og barnevern no er samla i ei avdeling. Det er gjennomført eit opplegg gjennom KS konsulent for å understetta denne organisasjonsendringa, alle tilsette ved desse tenestene samt rektorar og barnehagestyrar har delteke i dette opplegget og tilbakemeldingane er positive.

Barneverntenesta opplever at samarbeidet med andre kommunale instansar som arbeider med barn og unge har vorte styrka gjennom dette arbeidet. Barneverntenesta har også vore på besøk i barnehagar og skular, og ser at dette gjer samarbeidet betre. Terskelen for å ta kontakt med barneverntenesta vert og opplevd som lågare frå andre instansar etter slike besøk. Barneverntenesta reknar med å halda fram med desse besøka kontinuerleg. Barneverntenesta deltek også i tverrfagleg gruppe i kommunen, «ressursgruppa for barn og unge» som er ei under gruppe til barn og familie, for tenester som arbeider med barn og unge si psykiske helse.

##### 4.2.8.1 Helsestasjon

Helsestasjonen er bemanna med 1,5 åv helsystre og jordmor i 50 % stilling.

Helsestasjonen har i 2015 samarbeida med helsestasjonen på Bømlø, eit av resultatane av dette samarbeidet er at me mellom anna no kan gje tilbod om eit evidensbasert Svevngruppetilbod til småbarnsforeldre.

Helsestasjonen har hatt eit stort arbeid med å etterregistrera vaksiner hjå barn/unge som kjem frå utlandet. Folkehelseinstituttet har blitt særstrem i høve til dette, og i år gjekk dei, sentralt ut, med ei oppmoding om at dette må bli fast rutine. Me har fått dette i system, og det vil bli fast rutine på dette framover.

Tab 4.2.16: Nøkkeltal helsestasjon

	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	6589	9062	8491	8357	<b>9326</b>	9 608	7 008
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	1588	2161	2139	2350	<b>2458</b>	2 458	2 004
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	112	112	62	106	<b>118</b>	99,0	99,0
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	102	90	100	105	<b>66</b>	96,0	97,0
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	88	100	100	100	<b>90</b>	95,0	99,0
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgongen av 1. skoletrinn	98	88	108	102	<b>92</b>	92,0	95,0
Brutto driftsutgifter per innbyggjar 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	7048	9410	8898	8589	<b>9583</b>	10 727	7 604

#### 4.2.8.2 Psykisk helse for barn og unge

Psykisk helsearbeider for barn- og unge har i løpet av 2015 hatt individuell oppfølging av ca 37 born og unge under 18 år. Av desse har nokon hatt jamlege støttesamtalar over lang tid og nokon har hatt samtalar over ein avgrensa periode. I tillegg er stillinga koordinator og deltakar i fleire Individuelle planar.

Psykisk helsearbeidar for barn og unge har i 2015 delteke i klasseromsundervisning, hatt grupper i skuletida og samarbeidsmøter med foreldre og lærarar. Stillinga er også ansvarleg for «Treffstad» som er eit tilbod for ungdomskuleelevar etter skuletid om måndagane. Tiltaksarbeider frå barnevernet er også med her. Ein nyttar lokala til psykisk helseteneste som ligg sentralt i Våge. Her har vore mellom 1- 12 ungdomar tilstades.

Psykisk helsearbeider for barn- og unge har hatt ansvar for å gjennomføre møter i TEBU-gruppa.

#### 4.2.8.3 Barnevern

Barneverntenesta skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse eller utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal også bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Det er i dag 3 stillingar som sakhandsamarar og 0,5 stilling som tiltaksarbeidar knytt til barneverntenesta. 1 årsverk som sakhandsamar og 0,5 årsverk som tiltaksarbeidar er finansiert gjennoms særskilte statlege tilskot. Det er p.t. ikkje innført eiga vaktordning for barnevernet, i samband med Tysnesfest har barnevernet hatt ei særskilt vaktordning. Det er politi som er barnevernsmynde utanom barnevernet si alminnelege opningstid.

Tab 4.2.17 Born med tiltak utvikling gjennom 2015

I løpet av året

Slutten av året

	Omsorg <sup>iii</sup>	Tilsyn andre <sup>iv</sup> kommunar	Hj. Tiltak <sup>v</sup>	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hj. tiltak
Antal born	6	7	36	6	6	14

Tab 4.2.18: Oversyn over meldingar i 2015

Meldingar

Meldingar  
som er lagt  
vekk

Undersøkingar  
i alt

Avslutta  
undersøkingar

Vedtak etter  
BVL

Undersøking  
over 3 mnd

2015	36	4	42	40	20	10
------	----	---	----	----	----	----

<sup>iii</sup> Antal born som kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 4-12

<sup>iv</sup> Antal born som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

<sup>v</sup> Antal barn som har frivillige tiltak etter bvl § 4-4.

Tabellen syner at Tysnes barnevernteneste har motteke 36 meldingar i året 2015. 32 av desse førte til undersøking. Det kjem ikkje fram frå tabellen, men det er ei auke frå 2014 på 14 meldingar. Denne auken i antal meldingar, har også medført ei auke i arbeidsmengda i Tysnes barnevernteneste. Det har vore mange alvorlege og samansette utfordringar i høve til meldingane/ undersøkingane. I 2014 var Tysnes barnevernteneste prega av mykje sjuke fråvær/ vakanse i stillingar blant dei tilsette, dette medførte at ein del arbeid frå 2014 vart med inn i 2015. Dette, samt auke i antal saker har medført at 10 av sakene har fått ein utvida undersøkingsperiode frå 3-6 månadar. 7 av desse var etter vedtak om utviding, 3 er registrert som avvik. Barneverntenesta har ikkje brukt innleigd konsulenthjelp til sakshandsaming i 2015. Årsaka til at det er eit relativt lågt tal som fører til vedtak etter bvl, skuldast mykje i 2015 at ein del av familiane barneverntenesta var i kontakt med flytta frå kommunen.

Statistikken syner at fleire born får hjelp, både i og utanfor heimen. Antal meldingar til barneverntenesta har også auka. Tilbodet til born og familiane deira i kommunen kan styrkast og utviklast gjennom ein auke i blant anna stillingsstorleiken til tiltaksarbeidar.

Tab. 4.2.19: Nøkkeltal barnevern

	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år	6136	5458	6031	5349	9989	9 412	8 213
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5	4,1	4	4,5	5,9	:	4,2
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	20	11	17,5	9,7	14,3	:	14,7
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	21	73	77	33	75	76,0	82,0
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	75	73	82	39	79	:	89,0
Andel meldinger som går til undersøkelse	..	..	85,2	90	88,9	:	82,2
Andel undersøkelser som førte til tiltak	64,3	54,5	40,9	73,3	50	:	42,9

## 4.3 Helse og sosial

Helse og sosial dekker fagområda helse, pleie og omsorg og sosialtenesta. Fagleg oppfølging og sekretærfunksjon for tenesteutvalet, husbankutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er lagt til dette området.

### 4.3.1 Utviklingstrekk i etaten

Prosjekt nytt omsorgssenter har vore eit viktig og prioritert arbeid, som leiarar og tillitsvalde har teke del i ilag med prosjektsjef. Oppfølging av samhandlingsreforma er gjort, og kommunen har greidd å løyse utfordringa med å ta imot pasientar ved utskriving frå sjukehus gjennom året.

Planlegging av øyeblikkeleg hjelp tilbodet frå 2016 er gjort og tilbodet er i drift frå og med mars 2016

E-meldingsprosjektet, «Vestlandsløftet er blitt fulgt opp, og den elektroniske flyten fungerer mellom sjukehus i helseforetaket Helse Fonna og kommune ved inn- og utskriving sjukehus.

Tilflytting av flyktningar i kommunen har vore ei ny utfordring for dei ulike tenestene som lege, helsestasjon, psykisk helse, sosialtenesta m.v.

Kompetanseløftet 2015, etaten har mottoke kr 305` i tilskot til opplæring av personell i helse- og sosialetaten, med formål innafor opplæring helsefagarbeid, vidareutdanning av høgskuleutdanna og opplæring personell som arbeider med psykisk utviklingshemma.

### 4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi og ergoterapi. Helsestasjon og psykisk helsearbeidar for barn og unge er overført til oppvekst og organisert saman med barnevern under ei eining for barn og familie. Psykisk helse er overført frå helse- og sosialsjefen sin stab til helseavdelinga.

#### 4.3.2.1 Psykiatri

Forutan nokre engasjement så er det om lag 2 årsverk knytt til tenesta, av dette er 1,5 årverks som psykiatrisk sjukepleiar.

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 43 brukarar, i tillegg til fleire tilvisingar for råd og rettleiing utan at det vart oppretta vedtak. Våge aktivitetssenter har hatt 7 faste brukarar i løpet av 2015.



8 brukarar har hatt støttekontakt i 2015.

Tenesta har delteke under schizofrenidagane i Stavanger november 2015. Me har og delteke på ulike seminar, rus og psykisk lidelse, og om tvang.

Eit av måla har vore å sikre god oppfølging av den enkelte brukar, og med det bidra til å førebygge forverring av lidinga. Dette gjennom ulike tiltak i kommunen, som støttesamtalar, aktivitetssenter, turgåing, støttekontakttiltak, og med eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta. På mange måtar opplever me å ha nådd måla. Men sidan det er stor pågong på tenesta og lite ressursar opplever ein at ein ikkje alltid kjem i mål. Fagleg oppdatering har ein fått gjennom kurs og vidareutdanninga SEPREP, og ved å søkje råd/retteiing frå samarbeidspartnarar v/ Stord DPS.

Rehabteamet frå Stord DPS har kome til Tysnes kommune for retteiing og samarbeid med kommunen, ca kvar 6. veke i 2015. Dette har vore svært gode og nyttige dagar.

#### 4.3.2.2 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt drevet fastlønspraksis, i motsetning til dei fleste stadene i landet, der det er privatpraktiserande allmennleger. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Dei tilsette legane uttrykker tilfredsheit med ein slik modell.

I samband med at kommuneoverlege Magne Skartveit etter 39 års aktiuv teneste gjekk av med pensjon sumaren 2015 vart Anita Middtun tilsett som ny kommuneoverlege med verknad frå januar 2015. Det har vist seg vanskeleg å få dekkja den ledige stillinga som fastlege, men ved utgongen av september tiltredde ny kommunelege. 2015 har vore prega av at det har vore behov for å dekkja ein del av dei alminnelege personalressursane gjennom kjøp av vikartenester. Det er ved utgongen av 2015 tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av turnuslege.

Det er 2,5 årsverk knytt til forkontor og laboratorietenester ved legekontoret. Tidlegare anbefalte NHSF og Lægeföreningen 1,2 medarbeidar per lege. Dagens praksis er 0,9 medarbeidar per lege. Tysnes legekontor har 0,625 medarbeidar per lege.

Tysnes sjukeheim kjøper 20 % av ei kommunelegestilling. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg.

Samla har legekantoret 2377 pasientar på sine fastlegelister, dette er ein svak auke samanlikna med førre år. Dersom me ser dette i høve ti innbyggjartalet har me ein netto lekkasje på om lag 400 pasientar. Tysnes kommune betaler 427 kr pr. år pr pasient i overført per capita tilskot, tilsvarande en sum på 172 935 kroner.

Betaling av eigenandelar/forbruksmateriell/medisinar skjer no via betalingsterminal på venterom. I 2016 er det også innført høve til å gjera tinging av time over web, e-konsultasjon er noko som skal arbeidast vidare med. Det er innført har EDB-system for melding mellom lege og heimesjukepleien (begge veger) og dette sikrar rett medisineriing i vesentlig større grad for heimesjukepleien sine brukarar. I tillegg er det innført elektronisk samhandling med spesialisthelsetenesta.

I 2015 vart det kjøpt inn ultralydapparat, dels gjennoms støtte frå Tysnes Kraftlag, det nye utstyret inneber at me kan gje eit ennå betre lokalt tilbod! Det er behov for noko utskifting av utstyr ved legekantoret også i 2016, me ser mellom anna at me har behov for ny hjertestarter, EKG, spirometri med meir.

I 2015 vart det nye nødnettete teke i bruk i helsetensta, kommuneoverlege har gjennomført utdanning som nødnettinstruktør.

#### 4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved ferier og kursfråvær. For å sikra forsvarleg gjennomføring av vakt er det turvande å nytta noko vikarlegar i samband med avvikling av feriar og anna fråvær. I samband med sumaren har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar mot eit alminneleg grunnlag på om lag 3700.

Under avvikling av Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulanse. Legekantoret deltok i planlegging av helseberedskap i samband med fesivalen saman med med ambulanse og politi. På kveldstid torsdag, fredag og laurdag under Tysnesfest var det 2 legar på vakt (og dei hadde det hektisk). Det vart etablert ”feltlasarett” på Tysnes skule som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forholda. Både antall personar

under Tysnesfest og aktivitetskarakter blant publikum tilseier stort behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Ein samarbeider tett og godt med arrangørar og politi under arrangementet.

I 2015 vart det teke opp forhandlingar med Kvinnherad om vidareføring av legevakt for Ølve – Hatlestrand, etter gjeldande avtale kjøper Kvinnherad vakttenester frå Tysnes kommune for denne delen av kommunen. Det lukkast ikkje å koma til semje om ein ny avtale i 2015 og gamal avtale er prolongert ut 1. kvartal 2016.

Tysnes kommune kjøper tentester knytt til legevaktsentral frå Helse Fonna, sentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar og er lokalisert til Akutt Mottak på Stord sjukehus.

Hausten 2015 vart det innført landsdekkande telefonnummer for legevakttenesta – nummeret er no 116117.

Me har prøvd å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Vi har dessverre ikkje vore flinke til dette i 2015. Bortsett frå planlegging/beredskap/akuttfunksjon ved Tysnesfest har det vore lite samtrening.

#### 4.3.2.4 Fysioterapi

Dei siste par åra har det vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen, ser me lengre tilbake i tid har kontinuitet vore ei utfordring. Det er 1,5 årsverk knytta til tenesta, dette må også sjåast i samanheng med fysioterapeutar som driv med driftstilskot. Samarbeid mellom offentleg og privat fysioterapiteneste er dei siste åra styrka..

Den kommunale fysioterapitenesta har i 2015 lagt vekt på rehabilitering. Det er avsett om lag 9 timar per veke til fysioterapi ved Tysnes sjukeheim, elles etter behov. Det er også gjennomført opptrening her for heimebuande kronikarar som ikkje kan ta timar ved dei fysikalske institutta. Det er avsett om lag 10 timar per veke til heimebehandling av pasientar med kroniske sjukdomar og oppfølging av pasienter etter sjukehusopphald. Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane anten på sjukeheimen eller i heimen. Me ser i meldingsåret at det har vore ei auke i antall heimebehandling då fleire og fleire treng rehabilitering i heimen. Dette er svært tidkrevjande grunna behov for tett fysioterapioppfølging og ofte store avstandar mellom pasientane.

Det er også i 2015 eit fokus på gruppetrening der det er teneleg, av aktivitetar kan me trekkja fram:

Hjartetrim (60 min.): Kvar fredag - gjennomsnittleg 12 deltakarar i aldersgruppe 55-80 år.

Trim i Peralio (30min.): Kvar fredag - gjennomsnittleg 8 deltakarar i aldersgruppe 85-95 år.

Fellestrim på sjukeheimen(30 min.): Kvar måndag - gjennomsnittleg 10 bebuarar i aldersgruppe 85-95 år.

Tenesta også hatt oppfølging av born ved helsestasjon og på skulen. Kommunefysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut Geir Austvik har hatt eit samarbeidsprosjekt hausten 2015 der han har hatt fotballtrening i ei mindre gruppe på Uggdal skule for born som treng litt ekstra oppfølging/ tryggleik i treninga. Me tek sikte på å halda fram med dette tilbodet i 2016. Tenesta hadde i 2015 eit mål om å vurdera motoriske ferdigheiter hos elevar i 1.klasse i Tysnes kommune. Føremålet var å sikra eit godt fysioterapitilbod til elevane i grunnskulen og eit godt tverrfagleg samarbeid kring elevar som treng motorisk oppfølging i skulen. Me kom ikkje i mål med dette tiltaket meldingsåret.

Fysioterapitenesta har eit omfattande samarbeid med helse og oppveksttenester mellom anna gjennom Tverretatleg barn- og ungdomsgruppe, samarbeid med helsestasjon. Tensta deltek også i nettverk for Fysioterapeutar som arbeider med born og unge i Hordaland.

Tab 4.3.1: Nøkkeltal fysioterapi

	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,68	0,56	0,77	0,44	<b>0,39</b>	0,4	0,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	12,1	11	13,6	13,8	<b>13,8</b>	10,4	8,7
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innb.	4,5	2,8	5,1	4,1	<b>4,1</b>	4,1	3,8

#### 4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapeut arbeider med kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening, stimulerer til aktivitet og deltaking, tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rettleiing ved bustadendring, vurdering av hjelpemiddel, ergonomiske tiltak m.m. Ergoterapeut er med i

tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, Demensteam, Koordinerande eining og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS). Samarbeider med HMS m.fl. i kompliserte brukarsaker. Bistår 5 - 6 personar i Tysnes kommune som har kurs i å rekvirera enkle hjelpemiddel. Det var i 2015 sett av 0,6 årsverk til tenesta, dette vart i budsjett for 2016 auka til 0,8 årsverk. Auken må sjåast i samanheng med ein styrka satsing på omsorgsteknologi.

Tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemiddel i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte.

Frå 01.1.2016 er tenesta auka frå 60 til 80 % for m.a. å delta i prosjekt velferdsteknologi i samband med bygging av nytt omsorgssenter. Denne auken er også positiv i høve til både raskare tenesteyting og kvalitet på ergoterapitenesta.

Tabellen under viser noko av aktiviteten i ergoterapitenesta førre år, me ser ein liten nedgang i talet på saker, men dei sakene som er handsama er noko meir omfemjande.

Tab 4.3.2: Ergoterapi	2011	2012	2013	2014	2015
Tilvisingar	86	92	65	86	<b>74</b>
Heimebesøk	105	98	109	131	<b>95</b>
Utleverte hjelpemidlar	514	612	572	667	<b>489</b>

### 4.3.3 Pleie- og omsorg

I pleie- og omsorgsavdelinga ligg: Tysnes sjukeheim, open omsorg og tenester for utviklingshemma.

Kostnadene til pleie og omsorgstenester er prega av at kommunen er demografisk topptung, samstundes ser me at konstnadane er relativt lågare om me samanliknar tal etter aldersgruppa 80 + eller aldersgruppa 67 +.

Tab 4.3.3: Nøkkeltal pleie og omsorg

	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	34,2	34,8	33,9	37	<b>35,6</b>	32,1	30,7
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	18 375	20 289	20 650	21 824	<b>21 406</b>	19 676	15 927
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	227 910	263 090	258 831	290 493	<b>296 396</b>	346 075	377 923
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	92 914	100 202	100 326	105 956	<b>99 455</b>	107 934	116 937
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	273 353	311 396	335 337	..	<b>337 322</b>	358 876	400 099

#### 4.3.3.1 Tysnes sjukeheim

Planlegging og kontraktsforhandling for nytt omsorgssenter var særleg i fokus på leiarsida i 2015.

Innan fagutvikling var tema ernæring og forbygging av ernæringssvikt hjå bebuarane eit satsingsfelt. Det vart gjennomført kompetanseoppbygging via e- læring og anna fagleg litteratur.

Vi ser ei vidare utvikling i krav til rask omstilling i høve til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Samhandlingsreforma utfordrar oss på å kunne tilby adekvate tenester på kort varsel. Dette har vi greidd gjennom m.a. å sørgje for at vi har ledige plassar å tilby før utskrivning til heimen.

Elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og helseforetaka har betra kvaliteten på informasjonen, og dermed også auka tryggleiken for brukarane. Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med fysio/ ergoterapitenesta og legesida, nyttar vi korttidsplassane til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg. Me har hatt nesten fullt belegg gjennom heile året, men likevel ikkje ventelister for dei som har behov for det.

Drifta ved institusjonen har også dette året vore råka av større og mindre «katastrofar»: straumbrot, brot i telefonsamband, stenging av vassforsyning, og vegsperringar. Det har gått etter måten bra, men syner oss at me er sårbare for risiko opp mot pasienttryggleik, og at personalet til tider vert utsett for uvanleg krevjande utfordringar.

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Me ser difor fram til at byggeprosjektet startar opp snarast, i samsvar med vedtak og planar.

Vi ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlegheit, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane me har til rådvelde.

Tab 4.3.4: Nøkkeltal - Institusjon

	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	17,5	18,5	17,8	18,7	19,3	<b>19,4</b>	20,7
Andel plasser i institusjon og heldøgnsbemannet bolig i prosent av bef. 80+	27	28	25	26	27	<b>30</b>	29
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	14,3	10,4	16	14,4	15,3	<b>13,7</b>	14,4
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	..	90,9	91,4	92,3	89,4	<b>92,4</b>	94,2
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	752 487	799462	829795	911949	861718	<b>988718</b>	1023456

#### 4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorgs pasientgrunnlag er ca. 160 personar fordelt på heile Tysnes. Det vert ytt tenester til alle aldersgrupper, men største pasientgrunnlag er eldre. Primær oppgåva er nødvendig helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at pasientane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim. Avdelinga har godt samarbeid med fastlege, ergo- og fysioterapitenesta.

Det vert lagt tilrette for ivaretaking av pasientar som ynskjer og døy i eigen heim.

Tab 4.3.5: Heimetenester

	2011	2012	2013	2014	2015
Heimesj. pleie	164	110	105	118	115
Heimehjelp	-	96	90	79	82
Andre heimetenester <sup>vi</sup>					20
Tryggleiksalarmar	62	61	-	59	63

Det har vore gjennomført eit prosjekt med fokus på pasienttryggleik ved fall og trykksår, 24/7, to personar har delteke i prosjektet. Det er vidare gjennomført eit arbeid med vekt på ernæring der to personar har delteke. Forutan dette er det gjennomført kurs i legemiddelhandtering ved diabetes, rus psykiatri, HLR og hjarte og kar sjukdomar. Det også gjennomført eit samarbeid med brannvesen i høve til eldre og brannvern.

Totalt har kommunen 31 omsorgs- og trygdebustade av desse er 13 bustader ledige. 10 bustader på Hovland har stått i påvente av utleige til flyktningar. Vidare har kommunen 11 bustader i bufellesskap og gjennomgangsbustad. Det vert gjort framleige av 7 bustader, 6 av desse er til flyktingtensta, ein til barnevern.

Tab 4.3.6 Nøkkeltal heimetenesta

	Tysnes					Kostragr.	Hordaland
	2011	2012	2013	2014	2015	2	2015
Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	27	22	21	32	27	26	16
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	93	79	75	52	60	82	64
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	422	469	416	407	421	375	327
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	154016	180064	193681	197460	192556	208 761	246 708

#### 4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

<sup>vi</sup> Miljøteneste, omsorgsløn, personleg assistent



Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap og dagsenter.

### Haugen bufellesskap

Haugen bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar, og oppfølging av 1 tenestemottakar utanfor bufellesskapet. Tre av tenestemottakarane har 1:1 oppfølging, fire er definert som ekstra ressurskrevjande. I november 2015 flytta ein ny tenestemottakar inn i omsorgsbustaden som ligg i tilknytning til bufellesskapet. Me har ei vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet om natta.

Me hadde samarbeid med Helse Fonna, Vaksenhabiliteringa i 2015. Me fekk hjelp og rettleiing i forhold til eit vedtak der me måtte ta i bruk tvang/makt. Me fekk og god rettleiing i forhold til miljøarbeidet me held på med til dagleg. Me har oppretta eit Fagteam blant dei tilsette i bufellesskapet, og me har kome godt i gong med godt fagleg arbeid.

Sumaren 2015 var tre av bebuarane på leir på Halsnøy. Det er p.t. 15,4 årsverk knytt til eininga.

### Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar.

Det vart gjort avtale om leasing av ein tilrettelagt bil våren 2015. Den gjer at med no kan transportera brukarane våre til og frå dagsenter sjølv, noko som er både rimelegare og enklare kontra drosje, slik me hadde før.

Brukargruppa i Vågsmarka har blitt meir pleietrengande, noko som gjer arbeidet tyngre for personalet. Fysiske påkjenningar fører til psykisk belastning, noko som og forplantar seg i utfordringar i arbeidsmiljøet. Sjukefråværet på avdelinga er høgt, samla for 2015 enda det på 17,37 %. Hausten 2015 gjennomførte me ei arbeidsmiljøundersøking, som gav oss ein peikepinn på mykje me kan jobba målretta mot frametter. Me har store utfordringar knytt til ei utfordrande brukargruppe.

Personalgruppa har ein høg snittalder, noko som er ei utfordring i høve at Vågsmarka har blitt ein tyngre arbeidsplass. Dette gir oss også store utfordringar med rekruttering av kvalifisert personell. Me har 6 tilsette over 60 år, og nokre har gått av med pensjon iløpet av 2015. Me har hatt TAF lærling, og nokre helsefagarbeidarelevar i praksis. Dette har me prioritert for å prøva å rekruttera tilsette.

Ein viktig samarbeidspart for oss er Habiliteringstenesta i Haugesund som rettleier oss i høve bruk av tvang og makt, og generelt i miljøarbeid. Dei har i 2015 vore aktive i fleire saker i Vågsmarka. Me har prøvd å få ordninga med fagteam til å fungera. Det er eit godt diskusjonsfora, og me jobbar kontinuerleg med å få det til å fungera optimalt. Me har fast møtetid annankvar veke.

Det vart gjort avtale om leasing av ein tilrettelagt bil våren 2015. Den gjer at med no kan transportera brukarane våre til og frå dagsenter sjølv, noko som er både rimelegare og enklare kontra drosje, slik me hadde før.

### Dagsenteret

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitet på tre stader. Vedsentralen på Myklestad, MaKa kafe og dagsenteret. Det vert gjeve dagtilbod til 13 personar.

Det er totalt 3,18 årsverk knytt til tenesta delt på 5 tilsette, nokre av desse har arbeid i kombinasjon med arbeid i andre deler av verksemda.

Dagleg leiar har i meldingsåret arbeidd i 50 % stilling, det er henta inn ressursar for å dekkja dette, opplevinga er at sjølvdrivne medarbeidarar tek ansvar og står på!

I 2016 vert det fokus på å skapa gode arbeidsmiljø både for tilsette og brukarar, vidareutvikla samarbeidet med bufellesskapa og vurderer aktivitetstilbodet i ljøs av endringar hjå brukarane.

### 4.3.4 Sosialavdeling og flyktingtenesta

I 2015 vart flyktingtenesta lagt til lokalt NAV kontor, dette er eit grep me også held på i fortsetjinga då det er nokre naturlege kontaktflater mellom desse tenestene.

**2011                      2012                      2013                      2014                      2015**

Tab 4.3.7 Tal sosialtenesta

	2011	2012	2013	2014	2015
Mottakarar – sosialhjelp	43	41	36	44	57

18-24 år	7	12	10	12	10
24-66 år	33	29	26	32	47
Mottakarar med stønad over 6 md	37	10	22	13	18
Snitt stønadslengde – måned	4,3	2,7	3,6	3,8	4,5
Snitt utbetaling per stønadsmånad	9421	7324	6911	6912	7503
Økonomisk rettleiing utan stønad	1	13	3	5	8

Det siste året ser me at det er ein auke i utbetaling av sosialhjelp. Dette til tross for at den faktoren som påverkar nivået mest, arbeidsløysa ikkje auka drastisk. Det er enno ei auke i talet saker knytt til økonomisk rettleiing. Dette er tidkrevjande og omfattande arbeid. Innan rusområdet har Nav eit auka omfang av legemiddelassistert rusbehandling. Dette er knytt til trong for (motivering) og iverksett behandling. Sosialtenesta har ikkje hatt deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet i løpet av 2015. Trender innan arbeidsmarknaden viste seg i siste halvdel av 2015, ved auka arbeidsløysa der fleire får redusert arbeidsinntekt ved å gå frå arbeid til t.d. dagpengar. Denne trenden vil nok fortsette ut i 2016. Nav vil i 2016 ha fokus på arbeid og aktivitet, og spesielt på unge utan arbeid.

Av tabellen under ser me at me har vesentlege lågare bto. Driftsutgifter per sosialhjelpsmottakar enn samanliknande kommunar, me ser samstundes at driftsutgiftene til økonomisk sosialhjelp er meir samanliknbare. Dette kan delvist sjåast i ljøs av at personellsituasjonen ved kontoret.

Tab 4.3.8: Nøkkeltal sosialtenesta

	Tysnes					Kostragr. 2	Hordland
	2011	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	359	559	739	796	<b>990</b>	1 427	2 078
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,7	1	1,2	1,3	<b>1,6</b>	2,3	4,0

Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	35,9	68,5	44,7	43	<b>35,7</b>	55,8	38,0
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp	38,3	34,7	41,9	56,9	<b>64</b>	43,1	41,4
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer	25,8	-3,1	13,4	0,1	<b>0,3</b>	1,2	20,5
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere	1,6	1,5	1,3	1,6	<b>2</b>	2,4	2,3
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	..	..	4	4,4	<b>6,4</b>		-
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	41698	52146	59028	55250	<b>53088</b>	71 526	102 770
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker	11651	14976	23639	28727	<b>32175</b>	26 208	40 015

### Flyktingetenesta

I 2015 vart det gjort eit politisk vedtak på å ta imot fjorten flyktingar i 2016, sju meir enn året før. På bakgrunn av dette vart det bestemt at flyktingetenesta skulle styrkast tilsvarande eitt årsverk. Dette arbeidet vart iverksett på slutten av 2015, og vil tre i kraft frå 2016.

Gjennom året har det vore arbeidd ein del med å finna tilgjengelege bustader som ligg litt meir sentralt enn Hovland. Arbeidet med integreringa er variert og tidkrevjande. Flyktingane er no spreidd i aksen Uggdal - Våge - Lunde av logistikkmessige omsyn. Det er eit mål at flyktingane vert integret på ein slik måte at dei kjenner seg som Tysnesingar etter endt introduksjonsprogram.

I denne prosessen har Flyktingetenesta vendt seg til friviljuge, noko som har vore særst positivt for dei flyktingane som har fått god kontakt med «sine» familiar. Det vil vera eit behov for å styrka det friviljuge arbeidet vidare i høve denne tenesta.

Dei fleste flyktingane er no i språktrening, og det vil frametter vera stor trong for språk – og arbeidstrening i bedrifter.

Frå skuleåret 2015-2016 er klasseromsundervisninga flytta frå Storestova i Lunde til Tysneshallen, dette er ei meir hensiktsmessig lokalisering då me har fleire ressursar å spela på her.

## 4.4 Landbruk og teknisk

Landbruk- teknisk etat er delt i to einingar; ei eining for brann, drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

### 4.4.1 EINING FORVALTNING

Frå 1.september 2012 har landbruk- teknisk etat vore delt inn i to, ei eining for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk.

Eining forvaltning har i september fått tilsett arealplanleggjar. Stillinga er tenkt å i det vesentlege vera knytt til denne eininga for å ivareta handsaming av private planar, tilsyn og kontroll samt handsaming byggjesaker. Stillinga skal og følgja opp kommunale planer.

#### 4.4.1.1 Plan og byggjesak

Tab 4.4.1: Utvikling i handsama saker

	2011	2012	2013	2014	2015
Total saksmengd	259	248	280	296	280
Delegasjonssaker	139	96	160	207	189

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Ein vesentleg del av sakene som kjem inn er dispensasjonssaker, som krev ei omfattande sakshandsaming med høyring til ytre fagetater og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk. Gjennomsnittleg handsamingstid for dispensasjonssaker er ca 6 mnd.

Byggesaksavdelinga mottok mange mangelfulle søknader og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming. For lovpålagte tidsfrister innan byggesak er det sjeldan at søknadane er fullstendige slik at dei ikkje oppfyller vilkåra for handsamingsfristane etter § 21-7 i pbl. I 2015 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for delegasjonssaker 6 veker for søknader som var fullstendige med handsamingsfrist på 12 veker.

Det er om lag 20 saker/søknader som ikkje er handsama. I tillegg er det om lag 175 saker som er under handsaming og ligg i ventearkiv. Ein del av desse sakene ventar på aktivitet frå tredjepart før dei er klar til ferdigstilling.

Strategiplan for tilsyn vart vedteke i kommunestyret 17.06.14. Vidare vart «*Sanksjonar og oppfølging av ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova*» politisk forankra i same møtet. Framleis er det om lag 250 uavklarte saker. Desse sakene må finna ei løysing i løpet av inneverande år, det er naturleg at dei vert sett i samanheng med plan for tilsyn og kontroll.

Det vart vedteke to private reguleringsplanar i 2015:

1. Elsakerneiset
2. Flornes

Det vart vedteke ein kommunal plan i 2015:

1. Nytt omsorgssenter i Uggdal

Det er ein plan under arbeid i kommunal regi.

1. Våge sentrum

Plan og byggesaksavdeling har totalt sett oppnådd eit godt økonomisk resultat for 2015. Dette trass i at stilling som arealplanleggjar ikkje vart tilsett før medio september. Endra satsar *Gebyrregulativ for Tysnes Kommune, Lanbruk og teknisk etat*, vart vedteken av kommunestyre 15.12.2015 og gjeld frå 01.01.2016. Gebyrsatsane vart auka med 3 % for 2016.

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon i 2015, rapporten etter revisjonen kjem til politisk handsaming våren 2016 og vert då å følgja opp vidare. Det er behov for eit vidare fokus på rutiner og skildring av arbeidsprossesar.

I samband med fleire endringar i plan- og bygningslova og byggjesaksforskrifta gjeldande frå 1.juli 2015, har byggesaksavdeling delteke på fleire kurs/ konferansar, mellom anna: kurs/ dagskonferanse i regi av Fylkesmannen i Hordaland og Direktoratet for byggkvalitet og «Byggereglene er endret» i regi av Tekniske Foreningers Servicekontor AS.

#### 4.4.1.2 KART OG OPPMÅLING

Det var ikkje budsjettoppnåing i år. Hovudårsak til det er at rekvisisjon av nye saker låg 33 % under gjennomsnittet. Oppmålingsarbeidet gikk mykje ut på å ferdigstille gamle saker og purre på manglande dokument frå rekvirentar.

Tab. 4.4.2: Utvikling av gebyrinntekter

	2011	2012	2013	2014	2015
Budsjett	1.005.000,-	1.200.000,-	1.600.000,-	1.120.000,-	<b>1.256.604</b>
Rekneskap	1.009.344,-	1.525.563,-	1.117.423,-	1.097.995,-	<b>840,69</b>

#### Kartlegging

I høve til Geovekstavtalen har det ikkje vore nykartlegging i Tysnes kommune i 2015. Neste innsamling av data (nykartlegging FKB-B-data, orto-foto heile kommune og laserskanning vestre del) var planlagt 2017 men er no framskynda til 2016 på grunn av prosjektering ny E39.

Det er vart halde oppstartsmøte for eit prosjekt om å lage historiske ortofoto i regi av kartverket. Flybileta som vart teke i samband med førstegangsfotografering for kartlegging av økonomisk kartverk (ØK) i 1968 skal skannast, georeferast og samanføyast i ein ortofoto.

Tysnes Kommune gikk over til ny høgdemodell NN2000 den 29.07.2015.

#### Kommunale kart

Det var vanleg vedlikehald av FKB-B-baser.

Arbeidet med digitalt leidningskartverket er koma i gang og ein venter ferdigstilling vår 2016. Kommunen får konsulenthjelp frå DIHVA til gjennomføring av det arbeidet.

Det vart starta eit nytt prosjekt om fulldigitalisering av planarkivet. Kommunen skal gå over frå omrissbase til sømløs planbase. I første halvparten av prosjektet vart gamle planar frå papirkart fullvektorisert. I andre delen vert dei planer som føreligg digitalt kontrollert og samansyd til ein base. Prosjektet er delfinansert av kartverket.

### Oppmåling

Tab 4.4.3: Statistikk oppmålingssaker

	2011	2012	2013	2014	2015
Tinglyste matrikkeleiningar totalt (utan seksjonering)	69	85	48	46	29
Rekvirerte saker	108	79	77	60	40
Fullførte saker	119	114	122	127	63
Utvikling samla saksmengde	-11	-35	-45	-67	-23

Den totale mengda oppdrag låg på 27 saker i mars 2016. Når ein ser bort frå saker som ligg på vent (4) eller er under arbeid / nesten ferdige (17), så er ventekøen no på (6) saker.

Det er på tidspunkt ingen uløyste mellombelse kartforretningar, den siste saka vart avslutta i år etter at me fekk alle naudsynte signaturar.

### Adressering



Adresseringsarbeidet vart ikkje avslutta i 2015 og vil også fortsette i 2016. Det er berre 30 % av kart- og oppmålingsansvarleg si stilling som er halde av til adresseringsarbeidet. Det praktiske gjennomføring av denne teoretiske delinga er vanskelig sidan oppgåver i andre områder er ikkje redusert.

Del 1 av prosjektet var tildeling av offisielle adresser til dei adresseobjekt som sokner til adresseparsellar, da det allereie vart vedteke adressenamn i 2002 (107 stk.) Slik at om lag 90 % vart fullført i første halvåret av 2014.

Del 2 av prosjektet er handsaming av namnesaker for dei adresseparseller som ikkje har fått tildelt namn tidlegar. Det dreier seg om 25 nye vegnamn og 39 områdenamn pluss handsaming av 3 tidlegare klagesaker. Dei 64 nye vegnamn og områdenamn vart vedteke i KS den 22.09.2015. Mange av namna stridr mot lov om stadnamn og kartverket har klaga på 5 av namna og reist namnesak for 18 av namna.

Del 3 er skilting. Skiltplanen er fortsatt under arbeid. Ein har ikkje vidareført det arbeidet, sidan skrivemåte til mange namn ikkje endeleg avklart. Det vert arbeidd vidare med skiltplanen i 2016.

Namnesaker kan ta lang tid og me har difor ikkje noe klart perspektiv på ferdigstilling av prosjektet. I mellomtida skal me i gang med tildeling av adresser som høyrar til namn som er godkjent av Kartverket.

#### Kommunale bustadtomter

Det er **5** tomter reservert til firma. Det vart seld **4** tomter i 2015. For tida er **23** kommunale bustadtomter ledige. I samband med Flytt heim prosjektet er det for tida ein rabatt på kommunale tomter tilsvarande kr. 100`.

#### 4.4.1.3 Landbruk

Landbrukstenester vert løyst ved interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen, det er Fusa kommune som er vertskap for Bjørnefjorden Landbrukskontor. Tysnes har no vore med i det interkommunale samarbeidet i tre og eit halvt år, og er den nest største

landbrukskommunen i samarbeidet. Stor aktivitet og interesse gjer at mykje av arbeidet til Landbrukskontoret dreier seg om Tysnes. Samarbeidet med Tysnes kommune har fungert godt.

Det har vore litt utskifting på personellsida, men me har no ei god faggruppe. Det ser no ut til at me kan få ein stabil periode med god utvikling av kompetansen og arbeidsmiljøet ved Landbrukskontoret. Kompetanseplan er laga for 2016-17.

Talet på saker frå Tysnes som er handsama av landbrukskontoret i 2015 var 167.

Tab 4.4.4: Aktivitet - landbruk

	2013	2014	2015
<b>Investeringssaker</b>			
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	29	13	8
Freda/verneverdige bygningar (SMIL)	1	0	0
Skogbruk (NMSK)	1	0	4
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	5	6	3
<b>Produksjonstilskot og areal</b>			
Talet på søkjarar	88	87	88
Areal i drift (dekar)[1]	12 525	10 497	-
<b>Skogbruk</b>			
Hogst (tømmer og ved) m3	1 728	1 494	14 388
Produktivt skogareal (dekar)	141 989	142 012	142 330
Planter (nyplanting, supplering, juletre) (stk).	3 000	3 500	11 200
Skogkultur (stell ungsog, gjødsling) (dekar)	12	0	0
Landbruksvegsaker (tal handsama saker)	17	8	6
<b>Jakt- og viltstell</b>			
Fellingsløyve, hjort	695	756	716
Felt hjort	590	674	532
Rev fellingsløyve	1	-	
Gås skadefellingsløyve	2	-	

Me ser at det særskilt er ein stor aktivitetsauke innan skogbruket, dette har i noko mon samanheng med ekstremværet Nina, men er også knytt til at mykje av skogen på Tysnes er hogstmogen. Tømmerkaiaen på Heningen har vore viktig for å få skipa tømmeret ut.

#### 4.4.2 Eining for brann og teknisk drift

I samband med ei organisasjonsendring i 2015 vart brann og teknisk drift lagt til ei felles eining og samla under brannsjefen som einingsleiar.

##### 4.4.2.1 Brann og redningstenesta

Tab 4.4.5: Utrykningar brann og redning

	2011	2012	2013	2014	2015
Totalt	10	17	29	38	18
Automatisk alarm	4	5	9	10	7
Gras-/krattbrann	0	0	7	0	0
Brann bygning	0	2	1	2	1
Pipebrann	1	2	1	0	0
Trafikkhending	2	4	1	7 <sup>vii</sup>	4
HLR – helse	1	0	5	7	1
Anna	1	4	5	12	5

Det var gjennomført 12 øvingar i 2015. Varabrannsjef fullførte beredskapskurs trinn 2 ved norges brannskole hausten 2015. Ber trinn 3 er planlagt i 2017.

4 brannmannskap fullførte grunnkurs våren 2015, ein fullførte komplett utrykningskjørekurs. Det er no to stk som manglar grunnkurs og 4 stk mangler beredskapskurs trinn 1 (utrykningsleder). Det er planlagt utrykningslederkurs i Bergen med oppstart hausten 2016, me har signalisert at

<sup>vii</sup> 6 bilulykker og 1 båtulukke

me vil søkje inn tre fire stk der. Elles kursa alle brannmannskapa seg på prosjektet «mens du venter på ambulansen» i 2015, det er verdt å nemne at dei gjorde dette vederlagsfritt slik at det blei økonomisk mulig for kommunen å gjennomføre kurset. Tjenesten er no operativ.

Det blei kun utført to tilsyn i særskilte brannobjekt i 2015. Det er registrert 1316 skorsteinar i Tysnes kommune. Det blei utført 565 feiingar i 2015, dette er i samsvar med generell feiefrekvens på 2. kvart år og ruteinndelinga. Videre blei det utført 265 av 330 varsla bustadtilsyn i 2015.

Feiing og tilsyn i bustad synes no å vere i rute, samarbeidet med Vestnorske feietjenester fungerer godt. Når ein ser på særskilte brannobjekt er ikkje situasjonen her tilfredsstillande. Dette er den oppgåva som ikkje har blitt prioritert høgt nok i organisasjonen. Dei siste åra er prega av omstillingar og innføring av nye system nevner : brannsjef gjekk inn som leiar av teknisk drift frå juni 2015 , nytt nødnett har krevd mykje tid , oppgradering av komtek , innstallasjon (og opplæring) av locus navigasjonssystem i brannbiler, ny brannbil og opplæring på denne. No er mykje av dette på plass og øvrig brannbefal er involvert i utarbeiding av objektplaner så mykje ligg til rette for at 2016 vert eit år der ein tek opp att gode tilsynsrunder.

Heimehjelpstjenesten i Tysnes Kommune har gjort ein svært god jobb med prosjektet brannverninformasjon retta mot risikogrupper. Det er gjort ein sikkerhetssjekk med sjekklister hos 25 heimebuande.

Arbeidet i brann og redningstjenesten framover i 2016 vil retta seg mot tilsyn og implementering av ny forskrift i samband med dette. Ein vil fortsette å bruke brannmannskapa til oppgåver utover kun øving og utrykning , det har vist seg å vere vel anvendte midler og tid. Objekt og innsatsplaner går mykje hand i hand med tilsyn, vedlikehald av brannmaterieell har ein «bli kjent med utstyr og sosial effekt». Dei vert og betre kjent på risikobygga i kommunen.

Elles vil ROS arbeid og deltaking i pilotprosjektet som Bergensalliansen har starta opp i forhold til brannstudien ta noko tid og ressursar inn i 2016.

#### 4.2.2.2 Teknisk drift

Eining for teknisk drift har 4,8 årsverk fordelt på drift og vedlikehald av bygg , kyrkjegardar og veg og avløp. Heile året har vore prega av at det kun har vore 3,8 årsverk i operativ tjeneste pga sjukdom.

Frå 01.06.15 blei brannsjef og tillagt oppgåva som einingsleiar for teknisk drift. Dette som ein del av omstillinga i heile området for teknisk drift. Det er fokus på innføring av nye rutinar, omorganisering av stillingar, tverrfagelig samarbeid, gjennomgang av tjenesteproduksjonen og

innføring av IK system for alle bygg og anlegg. Arbeidet med dette pågår framleis, men me er kome eit godt stykke på veg fram mot å finna arbeidsrammer og ein organisasjon som kan levere dei tjenestene me skal.

Tilsynsarbeid innanfor dei lovpålagte område (brann, elektriske anlegg, heis, bygg teknisk, leikeutstyr barnehagar/skuler) har vore gjennomført, men som i året før så slit ein med å følgje opp avvik innan rimeleg tid. Dette har med etterslep og manglande rutinar som etter kvart må på plass.

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er stort sett gjennomført slik tiltaksplanen vart prioritert ved inngangen til året.

Tabell 4.4.6: Oversyn over gjennomførte tiltak i bygga i 2015.

Eigedom	Dogv	Tiltak
<b>Skulebygg</b>		
Tysnes skule	X	Svømmehall/gymsal malt. Gjenstår skifting av bordkleding og maling av nordre veggen. Opprusting av ventilasjon i barneskulen i forbindelse med lokaler til kulturskulen. Utført 2015 Oppussing av klasserom i barneskulen og kontor kulturskulen. Utført 2015 Nytt filteranlegg til svømmebasseng. Utført 2015
Onarheim skule	X	Nytt leskur oppført i forbindelse med utviding av barnehage og deira behov for meir plass til barnevogner. Utført 2015 Opprusting av gjerde og grusing av ute område bak skulen
Uggdal skule	X	Montering av ny ballvegg. Montering av nye porter. Utført 2015
<b>Føreskulebygg</b>		
Vågsmarka barnehage	X	
Stjernereiso barnehage	X	
Onarheim barnehage	X	

Lunde barnehage	X	Montering av gjerde mot innsyn . Utført 2015
<b>Helse- og sosialbygg</b>		
Vågsmarka bufellesskap	X	
Haugen bufellesskap	X	
Trygdebustader Våge	X	
Trygdebustader Uggdal	X	Renovering av 2 stk leiligheter - og arbeid etter vann lekkasje i 2 leiligheter. Utført 2015
Trygdebustader Hovland	X	
Omsorgsbustader Våge	X	
Omsorgsbustader Peralio	X	
Omsorgsbustader Uggdal	X	
Omsorgsbustader Hovland	X	
Hovland aldersheim	X	Tilrettelegging for flyktningmottak «byggeteknisk/brannteknisk» Utført 2015.
Tynesnes sjukeheim	X	Arbeid etter brannen / utføring av brannteknisk tiltak .Eindelig arbeid utført 2015. Gjenstår branntekniske tiltak på loft og brannteknisk inndeling av gammalt bygg.
<b>Andre bygg</b>		
Rådhuset	X	Tilrettelegging for ombygging av rådhuset, Skifting av ein del utvendig kledning. Utført 2015
Tinghus m/ stall	Kun tilsyn	
Tyneshallen	X	
Prestebustad Jensvoll	X	Rehabilitering av bustad - Under arbeid
Legebustad Våge	Kun tilsyn	
Gjennomgongsbustad Uggdal	Kun tilsyn	
Utestasjon Eredalen	X	Rydding av hall og uteområde – Under arbeid.

### Kommunale vegar kaier og bruer.

Kommunen har ca. 62 km med kommunale vegar, 11 bruer og 9 større kaier som skal vedlikehaldast. Kommunestyre har gjort vedtak om at tal kaier skal reduserast, og to av kaiane har vore under sal i 2014. Sal av Onarheim kai/Elsakervågen vart gjennomført i 2015.

Kommunen er pålagt årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaier. Tidlegare rapporter har synt ei negativ utvikling for kai Flatråker. Etter førre kontroll blei kaien noko nærare vurdert og utviklinga syner ein mindre negativ utvikling enn før konkludert. Amlandstø kai er òg stengd og er vurdert seld. Grunnasundet bru (til Skorpo) har mindre skader som må reparerast. Elles er det foreslått tiltak i rapporten som ikkje er prekære tiltak og som vil bli vurdert fortløpande.

Det normale vedlikehaldet elles er i hovudsak utført med eigne resurser. Større tiltak og større rutinemessige og prevantive tiltak er som hovudregel innleigd frå lokale entreprenører eller frå firma med rett kompetanse.

Brøyting og strøing er sikra gjennom brøyteavtalar med ei rekke lokale entreprenørar. Avtalane var reforhandla i 2015 med mindre endringar både økonomisk og med omsyn til brøyteruter. Avtalane er og vidareført i 2016/17 og er løpande inntil ein av partane seier opp sin avtale.

Tabell 4.4.7: Oversyn over kaier og bruer

Nummer	Objekt	Status	Tiltak 2015
1	Bru – Skorpo	Må gjennomførast tiltak i overgang mellom veg og bru	nei
002A	Kai – Tømmerkai Flatråker	Skogeigarlaget	
002B	Kai – Gammel ferjekai Flatråker	Bjelker korroderer, og må haldast auga med.	nei
3	Bru – Til Sjø og Fritid	Korrodering av armering, nytt rekkverk	nei.
4	Bru – Uggdal kirke G/S	Ingen anmerkning	Ok
5	Bru – Heie Økland	Nytt rekkverk, reinsk	nei
6	Bru – Frøkedal bru	Nytt rekkverk, reinsk	nei
7	Bru – Hopsund bru	Lenging av rekkverk, neopren	nei
8	Bru – Solheimsdalen	Nytt rekkverk	nei
9	Bru – Solheimsdalen 2	Nytt rekkverk, litt asfaltvøling	nei
10	Bru – Vatne	Nytt rekkverk, setningsskader	nei
11	Bru – Myrdal bru	Nytt rekkverk	nei
12	Bru – Lunde bru	Nytt rekkverkk, betongskader	nei
13	Kai – Onarheim kai	Stengd	Seld i 2015
14	Våge gjestehamn	Råte tverstag, forlenging av redningsstiger	nei

Kompetent firma utførte pålagt kontroll av bruer og kaier i 2015.

Estimert kostnad for utbetring av **bruer** er kr 2 130000. Kostnaden med utbetring av **kaier** er ikkje estimert.



Tabell 4.4.8 Asfaltering

Objekt	Omfang	Anmerkning
Klypesbekken	ca 150 meter	Reasfaltering av heile veglengden
Vågsmarka 6	ca 885 meter	Ny asfalt
Kattaland	ca 335 meter	Ny asfalt
Uggdalseide	ca 390 m2	Reasfaltering frå brua mot brannstasjon
Onarheim kyrkje	ca 50 m2	Reasfaltering inngang
Sagen	ca 45 m2	Asfaltert avkjøring

#### Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning

Det er gjort eit større utbetningsarbeid for avlaup i Uggdal i samband med utbygging av gang og sykkelveg, det er også arbeid som er sett i gang i samband med utbygging av Onarheim senter og det nye bustadfeltet på Onarheim. Kommunen deltek her gjennom utbyggingsavtale.. Det har ikkje vore større driftsproblem med anlegga.

Driftssituasjonen har ikkje betra seg og er lite tilfredstillande i fleire lokale områder. Dette har vore omtala i tidlegare år, men er ikkje gjennomført og gjeld mellom anna slamavskiljar i Lunde sentrum. Denne må utvidast grunna utbygging av bustadfeltet Kattaland.

Pumpeanlegget i Våge er også eit anlegg som er sårbart og som kan ved ein driftsstans føra til lokal ureining. Det er også fleire andre lokale område kor ureiningssituasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggjast og tiltak iverksetjast.

For å få ein samla oversikt over situasjonen vart det arbeida med einforespørsel for å få utarbeida ein ny hovedplan for vatn og avløp, arbeidet vert fylgt opp i 2016.

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Kommunen har likevel eit ansvar for den overordna beredskapen.

Tysnes kommune har lagt ut renovasjon til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

#### Kyrkjegardar

Kommunen yter teneste til kyrkjevevja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Grunna personalsituasjonen er det kun utført heilt naudsynte oppgåver på kyrkjegardane i 2015, slik som gravferder og avfallshandtering. Forutan dette er det gjort vølingar på Sør-Reksteren kyrkjegard.

### Utviklingtrekk og mål

Kommunen har ei målsetjing om å redusera kostnader ved å selja ut kommunale eigedomar som bygg og kaier som kommunen ikkje finn det turvande å eiga. Det skal tilsvarende gjerast ei vurdering om ikkje ein del kommunale vegar kan nedklassast til privat veg. Eining for teknisk drift vil med denne utviklinga over tid nytta mindre resursar til vedlikehald.

Kommunen har lenge hatt planer om å utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak og også for å vurdere framtidig organisering av tenesta. Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane. Ei målsetjing er å rullera tiltaka i trafikksikringsplanen ein gong kvart år i samband med budsjettarbeidet.

I 2015 vart det tilsett ein person på veg og avløp. I samband med omorganiseringa og etterslepet på vegvedlikehald må ein framover sjå på korleis ein best ivaretek kommunen sine oppgåver på dette området. Arbeidet med dette er i gang, her vil ein sjå på kva tenester me skal utføre i eigen regi og kva me kan leige inn eksterne aktører for å utføre. Kva ein lander på her vil og vere førande for kva utstyr me skal ha og ikkje framover. Det er og tilsett ein person i eit års vikariat på kyrkjegarder. Når ein har sett ut nokre av arbeidsområda på veg til eksterne vil personell på kyrkjegarder og personell på veg og avløp kunne jobbe meir tverrfageleg for å nytte resursar best mogeleg. Med dette på plass vil ein kunne ta inn mykje av etterslepet på begge fagområda.

Elles er nytt IK system for bygg, veg og avløp samt kyrkjegarder på plass og snart fullt operativt, likeins bestillingsarbeid via e post «vedlikehald». Tilsette i teknisk drift vil frå i år , som ei prøveordning få ein beredskapsrolle innan sine fagfelt. Oppdaterte tiltaksplanar er under arbeid og vil bli implementert med bakgrunn i egne runder på bygg og veg og anlegg , ein vil og ta med lokale vernerunder i vurdring og prioritering på tiltaksplanane. Det er eit vedvarande fokus på arbeids og personal møter. Dette er nye system som må evaluerast og tilpassast undervegs.

I den seinare tid har det vore relativt stor aktivitet innan bygging av bustader og etablering av nye byggeområde. Kommunen har hovudplanar for vassforsyning og avlaup. Desse planane er ikkje revidert sidan dei blei utarbeida på slutten av 1990-talet, og er såleis forelda.

Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane." Det er lagt inn dekning for å gjennomføra reseipientundersøkingar knytt til utslepp i sjø i 2016.